

Dokka

Beskrivelse til kvartærgeologisk kart 1816 IV – M 1 : 50 000 (Med fargetrykt kart)

ASBJØRN RUNE AA

Aa, A. R. 1983: Dokka. Description of the Quaternary geological map 1816 IV (scale 1:50 000). *Nor. geol. unders.* 383, 1–61.

The superficial deposits and their morphological features within the map-sheet Dokka, 1816 IV, in central south-eastern Norway are classified and described. Ice movements and the course of deglaciation are reconstructed. The superficial deposits are dominated by till which on the map is divided into thick and thin cover. The lithology of the lodgement till is dominated by the local Eocambrian rocks. Five glaciation phases are reconstructed on the basis of glacial striae. The first phase was that of valley glaciers flowing from the mountains in the north-west. The next three phases were characterized by inland ice moving towards the southeast, the south, and lastly towards the east. The youngest striae reveal the existence of local ice caps. During the deglaciation the meltwater was directed by the ice, first through Snertingdalen towards lake Mjøsa, then via the Landås river to lake Randsfjorden. The meltwater drainage of deglaciation is manifested by numerous, meltwater channels, eskers and subglacial fans at the mouths of the rivers Landås and Dokka. Analyses of grain-size distribution and lithology of the superficial deposits are given. Geochemical analyses have also been carried out on these deposits.

A. R. Aa, *Sogn og Fjordane distrikthøgskule, P.O.Box 39, N-5801 Sogndal, Norway*

INNHALD

Forord	2
GENERELL DEL	2
Kvartærtida	4
Lausmassane	5
Korleis dei blir danna	5
Bruk av lausmassar	6
Det kvartærgeologiske kartet	8
Teiknforklaring	8
Metodar	11
Eksempel på bruk av kartet	12
SPESIELL DEL	13
Innleiing	13
Berggrunn	13
Topografi	16
Isrørsler	17
Isavsmeltingshistorie	20
Morenemateriale	25
Mektighet	25
Bergartsinnhold	26
Kornstorleik	27
Hovudtypar av morene	29
Moreneleire i Aust-Torpa	33
Breelvavsetningar (Glasifluviale avsetningar)	33
Husoddeskeren i Randsfjorden	34
Andre eskerar og slukåsar	34
Landåselvas vifte	36
Åvellas vifte	36
Breelvtarrassar i Etnedalen	37

Breelvvifta ved munningen av Dokkadalen	38
Avsetningar i Dokkadalen	40
Bergartsinnhold i breelvmaterialet	41
Bresjøavsetningar (Glasilakustrine avsetningar)	43
Elveavsetningar (Fluviale avsetningar)	43
Forvittringsmateriale	44
Ur (Talus)	44
Torv og myr (organisk materiale)	44
Lynghumus	45
Seismiske målinger (av Gustav Hillestad)	46
Geokjemi (av Asbj. Rune Aa og Jørgen Ekremsæter)	46
Summary	48
Introduction	48
Ice movements	48
Deglaciation	49
The superficial deposits	50
Etterord	52
Litteratur	60

Forord

Feltarbeidet på kartblad Dokka 1816 IV vart gjort i 1975, -76 og -77. Over dalbotnen i området Randsfjorden–Dokka sentrum Etnedalen vart det samstundes utarbeidd rapportkart i målestokk 1:20 000, med beskrivelse (Aa 1975).

Beskrivelsen til kartblad Dokka 1816 IV er delt inn i ein generell og ein spesiell del. Den generelle delen gir ei kort innføring i kvartærgeologi, eit oversyn over korleis lausmassane er danna, og eksempel på bruk av det kvartærgeologiske kartet. Den generelle delen følgjer i hovudsak NGU's retningsliner (Rapport 1633/16: Bargel, Bergstrøm og Sveian 1981).

GENERELL DEL

Kvartærgeologi er læra om den yngste geologiske perioden – *kvartærtida*. Lausmassane som dekkjer berggrunnen i Norge er hovudsakeleg avsette i siste delen av denne perioden.

Lausmassane er ein fundamental naturressurs på line med vatn og luft. Dei er grunnlaget for plante- og dyreliv, og dermed for landbruk og busetnad. Presset på lausavsetningane våre har auka sterkt dei seinare åra, særleg i og omkring tettstadane. Disponering av areal til byggegrunn, kommunikasjonsnett, uttak av grunnvatn, søppelplassar, resipient og massetak for byggje- og anleggsverksemd er eksempel på ulik bruk av lausmassane. Dei fleste av desse bruksmåtene fører til areal og massar blir bandlagde for alltid eller for lang tid. Ofte vil ein bruksmåte utelukke dei andre, og dette kan gje grunnlag for konflikhtar. Ved fysisk planlegging blir det difor etter kvart teke større omsyn til naturressursane, bl.a. gjennom lovverket vårt.

Berre ein liten del av areala i vårt land er dekkja av mektige lausmassar, og nydanning skjer i svært lite omfang. Riktignok blir det danna elvedelta,




Fig. 1. Lokaliseringskart.
Location map.

forvittringsjord og myrar, men det er svært langsame prosessar, i hovudsak må ein difor sjå på lausmassane som ein avgrensa og ikkje fornybar ressurs. Bruken av dei må vi sjå i lys av dette.

Kvartærgeologiske kart med beskrivelse syner utbreiinga av lausmassane og korleis dei er danna, og delvis deira samansetjing, eigenskapar og overflateformer. Dessutan gir karta informasjonar som er viktige for tolkinga av den geologiske historia. Dei er naudsynte hjelpemiddel til å oppnå fornuftig arealdisponering og best mogeleg bruk av lausmassane.

Kvartærtida

Kvartærtida er den yngste perioden (2–3 mill. år) av Jordhistoria. Denne perioden er prega av store klimasvingingar med istider og varmare mellomistider. Under istidene var landet meir eller mindre dekt av innlandsis som grov ut og frakta med seg store mengder lausmateriale. Mykje av dette materialet vart frakta ut i havet og avsett der. Dei avsetningane som finst på land i dag, er for det meste danna under og etter siste istid.

Siste istid (Weichsel) starta for ca. 100 000 år sidan. Svingingar i klimaet under denne istida førde til utbreiinga og mektigheten av isen varierte mykje, og det har truleg vore periodar då innlandsisen delvis var borte. Den største utbreiinga nådde isen for 18–20 000 år sidan då breen dekte heile Skandinavia, og i dei sentrale delane var opp til 3000 m mektig.

Under avsmeltinga trekte iskanten seg tilbake slik at kystområda vart isfrie først. Samtidig vart isdekket etter kvart tynnare, slik at det delte seg opp i fjord- og dalbrear som smelta hurtig tilbake på grunn av det milde klimaet og den store kalvinga i dei djupe fjordane. Kortvarige klimaforverringar førde til at iskanten stoppa opp eller rykte litt fram igjen og danna karakteristiske randavsetningar (brerandtrinn). Det mest markerte brerandtrinnet vart danna i Yngre Dryas tid for 10 000–11 000 år sidan. I Norge kan det følgjast meir eller mindre samanhengande frå svenskegrensa i Østfold (Raet) og rundt kysten til den russiske grensa i Aust-Finnmark. Det finst også yngre markerte brerandtrinn danna i Preboreal tid (9 000–10 000 år før notid.

Den endelege avsmeltinga av dei sentrale delane av isdekket skjedde hurtig, og for ca. 8 500 år sidan hadde størstedelen av innlandsisen smelta. Seinare har det generelt vore mildt klima, og dei norske høgfjella var kanskje isfrie i ein lengre periode før breane vi har i dag vart danna, for 2 500 år sidan.

Tyngda av dei store ismassane pressa jordskorpa ned, og då isen smelta bort, heva landet seg igjen i forhold til havnivået, mest i indre strøk, noko mindre ved kysten. På grunn av at jordskorpa er treg, har det teke lang tid å gjenopprette likevekta heilt. Sjølv i dag er det ei langsam stigning av landmassa. Landhevinga har ført til at mange område, som under og etter isavsmeltinga var hav- og fjordbotn, no har vorte turt land.

Det øverste nivået som havet stod i etter at isen smelta vekk, blir kalla marin grense (MG). Ved Oslo er MG ca. 220 m, ved Trondheim ca. 175 m, medan MG på den nordlege delen av Jæren berre er på ca. 10 m over havnivået i dag.

Lausmassane

KORLEIS DEI BLIR DANNA

Lausmassane som finst i Norge i dag, er hovudsakeleg danna under siste nedising (glasigene avsetningar) og i den etterfølgjande isfrie perioden (postglasiale avsetningar). Dei er difor svært unge samanlikna med lausmassane i land der ein ikkje har hatt nedising.

Dei glasigene avsetningane er dominerte av morenemateriale som vart erodert frå berggrunnen, transportert og avsett direkte av isbreane. På grunnlag av måten det er danna på, kan ein grovt dele moremematerialet i to grupper: botnmorene (basalmorene) og ablasjonsmorene.

Basalmorene inneheld materiale som vart frakta i nær botnen av isen der materialet vart kraftig oppknust. Karakteristisk for basalmorenen er fast pakking, innhold av alle kornfraksjonar og lite eller inga lagdeling. *Ablasjonsmorene* inneheld materiale som vart transportert inne i breane eller på breoverflata der partiklane vart utsette for mindre nedknusing. Det har oftast vore ein del smeltevatn tilstades. Då isen smelta bort, var ablasjonsmorenen avsett over basalmorenen, eller direkte på fjell der basalmorenen mangla.

Isavsmeltinga førde til at store smeltevasstraumar grov (eroderte) kraftig og store mengder lausmateriale vart transportert og seinare avsette som *breelvavsetningar*. Vatnet samla seg i sprekker og tunnellar i eller under isen, eller i løp langs iskanten. Noko av lausmaterialet vart avsett langs desse smeltevasløpa (esker, kame, lateralterrassar), medan ein stor del vart frakta med smeltevasstraumane heilt ut til brefronten og spylt ut der. I samband med bretrandtrinna, då iskanten låg meir eller mindre i ro, vart det danna særleg store avsetningar av sand, grus og stein. Der breelvane munna ut i havet fekk massane mange stader tid til å byggja seg opp som delta til havnivået på den tida (MG). Dei grovaste massane vart som regel avsette i skrålag nærast iskanten, medan dei finaste silt- og leirkorna vart førde lenger ut i havet og avsette i horisontale lag på botnen (*hav- og fjordavsetningar*).

Dei store bretrandavsetningane er seinare heva, og gamle breelvdelta finst i dag som terrasseforma avsetningar. Breelvavsetningane som ikkje rakk å bli bygde opp til (MG) finst som randåsar på tvers av dalføra.

Breelvavsetningane ligg ikkje berre der det renn elvar i dag. Etter kvart som innlandsisen smelta gradvis ned, drenerte gjerne smeltevatnet langs iskanten og seinare kanskje under breen. Dette førde til at ein fekk danna breelvavsetningar på stader der det i dag ikkje er elvar, f.eks. i dalsider, på høgfjellet m.v.

Langs kanten av breane vart det nokre stader demt opp bresjøar der tildels store mengder lausmassar vart avsette (delta, terrassar). Det finkornige materialet som vart ført ut i bresjøane, var avsett som slamlag på botnen og finst i dag ofte som tjukke silt- og finsandlag (kvabb) over andre lausavsetningar. Desse *bresjøavsetningane* har oftast tydeleg lagdeling. I enkelte større bresjøar vart det danna eit grovare lag av strandvaska materiale over finsedimenta.

Dei postglasiale avsetningane er danna etter at isen smelta vekk ved at tidlegare avsette lausmassar vart utsette for erosjon og omlagring. Landhevinga førde til at

store område som tidlegare var havbotn, vart turt land. Elvane fekk lågare erosjonsbasis, og tok til å grave.

Elve- og bekkeavsetningar er danna av rennande vatn, og finst særleg som elvesletter, terrassar, vifter og delta. Eldre delta av sand og grus med tydelege skrålag finst som store, frittliggande terrasseflater på tilsvarande måte som breelvdelta, men i lågare nivå enn desse. Ved elvemunningane i dag blir det og utbygde delta.

Der fjelloverflata vart liggande berr etter at isen smelta, tok dei nedbrytande kreftene straks til å virke. *Forvittringsmateriale* er lausmassar danna på staden ved kjemisk eller mekanisk nedbryting. I høgfjellet er frostforvitringa særleg aktiv og enkelte område kan vere dekkja av frostsprengde blokker (blokkhav).

I bratte dal- og fjellsider har skråningsprosessar som jordsig (solifluksjon), ras, steinsprang og skred vore særleg aktive. *Ur* er brukt som felles navn for avsetningar danna ved steinsprang.

Torv og myr blir danna når produksjonen av organisk stoff er større enn nedbrytinga. Dette skjer der vassstilstrøyminga er stor og undergrunnen er metta opp til overflata. Terreng og vassforhold er avgjerande for kva slags myrtype som blir danna. Omdanningsgraden for torva i myrane kan variere mykje. Råhumus førekjem mange stader som eit tynt dekke over fjell og lausmassar. Det er samansett av lite omdanna, ikkje levande, planterestar.

BRUK AV LAUSMASSAR

Lausmassane sine bruksegenskapar er avhengige av fleire faktorar. Dei einskilde partiklane kan vere samansette av bergartsstykke, mineral eller organisk materiale. Kornstorleik, kornform og forvittringsgrad er viktige for bruksegenskapane. I tillegg har mektighet, pakkingsgrad, bæreevne og hydrologiske forhold hos lausmassane mykje å seie i ei vurdering av bruksområda deira. For å få eit godt oversyn over korleis desse faktorene virkar inn, er det som regel naudsynt med detaljundersøkingar.

For nærare innføring i praktisk geologi kan ein tilrå lærebøkene «Ingeniørgeologi», del I og II av R. Selmer-Olsen, Tapir 1976 og 1977 (NTH forlag). Nedafor er det gjeve nokre eksempel på bruk av lausmassane.

Landbruk

Berre 3% av landarealet i Norge er dyrka, og vi har omtrent like lite dyrkingsreservar. Størsteparten av dei dyrkbare områda er i dag høgproduktive skogsareal.

Omgrepet «dyrkbare jord» endrar innhold i takt med den tekniske utviklinga, men visse fundamentale data om lausmassane er likevel eit naudsynt bakgrunnsmateriale for vurdering av dyrkingsjord. Tilstreккеleg jorddjupn er ein heilt avgjerande føresetnad for dyrking. Dyrka eller dyrkbare mark er difor knytt til areal med samanhengande eller tjukt lausmassedekke, men nokre areal med tynt dekke av næringsrik forvittringsjord er også eigna til dyrking.

Dei rikaste jordbruksdistrikta ligg i område med finstoffrike lausmassar som har evne til å holde på vatn og plantenæringsstoff. Under marin grense er dei finkornige havavsetningane dei viktigaste. Over marin grense er morenematerialet

viktigast. Grovare sorterte avsetningar, f.eks. elveavsetningar er ofte god dyrkingsjord, men er generelt turkesvake og har mindre evne til å holde på plantenæringsstoffa. Elvesletter har ofte eit lag av finkornig flaummateriale øverst, og desse utgjer viktige jordbruksareal. Myr kan vere god dyrkingsjord hvis ho ligg på andre lausmassar.

Store delar av landareala våre har eit tynt, usamanhengande dekke av lausmassar. Generelt er desse grunnlendte områda langt mindre produktive enn område med samanhengande dekke. Dei blir likevel brukte til beitemark og seterdrift, og framfor alt kan dei ha stor skogproduksjon i låglandet.

Byggegrunn

Lausmassane er den mest brukte byggegrunnen vår. Grunntilhøva vekslar mykje, og eigenskapane som byggegrunn er avhengige av lausmassetjukk, telefare, bæreevne, stabilitet og dreneringstilhøve. Telefare er avgrensa til silt- og finsandrike lausmassetypar. Særleg er bresjø- og innsjøavsetningar (kvabb) utsette for telehiv. Basalmorene er også telefarleg når finstoffinnholdet er høgt nok.

Avsetningar med god bæreevne og stabilitet toler stor vekt utan at ein får setningar eller utrasingar. Normalt er morenemateriale og grovare sorterte avsetningar som f.eks. breelvavsetningar gode fundament for bygg, veibygging m.m. Finkorna avsetningar som f.eks. bresjøavsetningar er ofte ustabile og særleg utsette for utgliding i skråningar og erosjonskantar. Tung vekt på markoverflata vil føre til setningar i leirmassane. I myr er setningsproblema særleg stor då torv og gytje har høgt vassinnhold og kan komprimerast sterkt. Hvis grunnvasstanden blir senka, blir det setningar sjølv om myra ikkje blir belasta.

Byggeråstoff

Lausmassar er eit viktig råstoff for bygge- og anleggsverksemd. Uttak av sand og grus til betong- og veiformål dominerer. Praktisk utnytting av sand- og grusførekomstar er avhengig av tilfredsstillande kvalitet og mengde. Brukbare førekomstar finst ofte i breelvavsetningar. Særleg store og viktige er mange av førekomstane som er danna i samband med brerandtrinna. Andre sorterte avsetningar som elve- og strandavsetningar kan også vere viktige ressursar. Det same gjeld sandig-grusig morene med lite finstoffinnhold (ablasjonsmorene).

Finstoffholdig basalmorene med lita evne til å sleppe vatn igjennom kan vere godt eigna som tettingskjernar i jordfyllingsdammar. Leire er råstoff for teglindustrien og for lettbetongtilslag.

Grunnvatn i lausmassar

Under grunnvasspeilet er alle holrom (porane) mellom partiklane fylte med vatn. Hvis ei avsetning skal vere eigna til grunnvassuttak, kan ikkje grunnvasspeilet ligge for djupt, og massane må ha stor nok effektiv porøsitet (mengda av nyttbart vatn som ei avsetning kan inneholde) og permeabilitet (avsetninga si evne til å sleppe vatn gjennom). Effektiv porøsitet og permeabilitet i ei avsetning er bestemt av partikkelform, -storleik, fordeling og pakking (deira geologiske historie). Gunstig effektiv porøsitet og permeabilitet for uttak av vatn førekjem til vanleg

i sorterte og ikkje for finkorna breelv- og elveavsetningar. Mindre grunnvassuttak kan også skje frå andre lausavsetningar som f.eks. ablasjonsmorene.

For at ei avsetning skal kunne utnyttast med varige grunnvassuttak, må det dannast nytt grunnvatn av akseptabel kvalitet til erstatning for det som blir teke ut. Dette kan skje ved tilførsel frå nedbør, ved at vatnet står i kontakt med vatn og vassdrag, og gjennom kunstig tilførsel av vatn (kunstig infiltrasjon).

Avfallsdeponering

I mange tilfelle er lausmassane godt eigna til deponering av flytande og fast avfall. Prinsipielt kan to metodar nyttast: Infiltrasjon i porøse massar eller kontrollert avrenning på tette massar.

Ved *infiltrasjon* nyttar ein massane si evne til å binde enkelte kjemiske stoff og å filtrere bort partiklar som finst i avlaupsvatn. Det føregår også ei biologisk nedbryting og omsetjing av organisk materiale. Alt ved kort oppholdstid i lausmassar vil bakterieinnholdet i utslepp kunne bli mykje redusert. I praksis vil mange avsetningstypar vere eigna for infiltrasjon, men det er avhengig av kva for kapasitet det er bruk for. Lausmassane bør vere tjukke, ha stor nok utbreiing og gunstig permeabilitet. Grunnvasspeilet bør ligge djupt og ha minst mogeleg gradient. Avstanden frå deponeringsstad til åpe vatn og grunnvassbrønner må vere over ei viss grense, avhengig av bl.a. kornstorleik og lagdeling i lausmassane. Dei beste massane vi kjenner for infiltrasjon er sorterte sand- og grusavsetningar. Tette massar som f.eks. nokre basalmorener og finkorna havavsetningar eignar seg dårleg p.g.a. liten kapasitet.

Kontrollert avrenning kan ein nytta i område med tette massar, f.eks. finkornige basalmorener eller havavsetningar. Ved fornuftige anleggs- og driftstiltak vil sigevatnet kunne samlast opp og eventuelt reinsast.

Annan bruk

Torv er brukt til brensel, torvstrø, jordforbetningsmiddel m.m. Skjellsand blir brukt som jordforbetningsmiddel. Kvartsrik sand blir blant anna brukt til sandblåsing.

Det kvartærgeologiske kartet

TEIKNFORKLARING

Lausmassar

Lausmassane er inndelte etter måten dei er danna på og miljøet dei er danna i. Ulike fargar på kartet viser såleis ulike geologiske prosessar. Alle lausmassar som er transporterte og avsette av rennande vatn får f.eks. gule og orange fargar, medan lausmassar som er transporterte og avsette av is får grønne fargar. Enkelte avsetningstypar, f.eks. morenemateriale, har i tillegg fått ei underinndeling etter mektighet ved hjelp av mørk og lys fargetone.

Morenemateriale er avsett direkte av isbrear. Det er oftast samansett av alle

kornstorleikar frå leir til blokk i varierende mengdeforhold (usortert materiale).

Morenemateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor mektighet er brukt for moreneområde med få eller ingen fjellblotningar. Småformene i berggrunnen kjem ikkje tydeleg fram på grunn av morenemektigheten som til vanleg er frå ein halv til nokre få meter. Lokalt kan likevel mektigheten vere langt større.

På kartet er ikkje ablasjonsmorene skild ut frå basalmorene. I fleire dalsider er det likevel areal med ablasjonsmorene, særleg der det er brukt symbol for haugar og ryggar og høgt innhald av blokker på overflata.

Morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen er brukt for areal med liten morenemektighet. Småformene i berggrunnen er tydelege, og som regel finst det mange små fjellblotningar. I nokre mindre søkk i berggrunnen kan mektigheten vere meir enn ein halv meter.

Breelvausettingar (Glasifluviale avsetningar) er lausmassar avsette av strøymande smeltevatn frå isbrear. Dei har som kjenneteikn at materialet er lagdelt og sortert etter kornstorleikar. Sand og grus er oftast dei dominerande kornstorleikane. Stein og gruskorn er som regel runda.

Ryggforma breelvausetting, tunnel- eller sprekkfylling (esker) er danna i stagnende brear. Ryggane kan ha ei hud av ablasjonsmorene.

Bresjø- og innsjøavsetningar (Glasilakustrine og lakustrine avsetningar) er lausmassar avsette ved relativt rolege straumforhold i bredemde sjøar og innsjøar. Sedimenta har nær horisontal lagdeling, og er oftast samansette av finsand og silt. Grovare strandmateriale kan førekome i overflata. Innsjøavsetningane kan ofte inneholde organisk materiale.

Elveavsetningar (Fluviale avsetningar) er danna etter istida ved at rennande vatn har erodert, transportert og avsett materiale. Desse avsetningane har mange felles trekk med breelvausettingane, men materialet er som regel betre sortert, og korna meir runda. Elve- og bekkevifter, særleg ved foten av bratte skråningar kan likevel inneholde dårleg sortert og lite runda materiale. Finkorna flaumlager kan førekome i overflata på elvesletter. Elve- og bekkeavsetningane kan av og til inneholde små mengder organisk materiale.

Forvittringsmateriale er danna ved kjemisk eller mekanisk nedbryting av det faste fjellet. Forvittringsmateriale har skarpkanta fragment, og det er til vanleg ein gradvis overgang frå lausmassane til det faste fjellet. Kun bergartar frå den underliggende berggrunnen finst i forvittringsmaterialet, og kornstorleiken kan variere.

På kartet er det berre brukt bokstavsymbol for forvittringsmateriale.

Ur (Talus) er brukt for materiale danna ved steinsprang. Materialet er skarpkanta steinar og blokker som har falle ned frå fjellet ovafor.

Torv og myr (Organisk materiale) er brukt om førekomstar av torv, dy og gytje med større mektighet enn ca. 0,3 m.

Lynghumus er brukt om tynt humusdekke over berggrunnen eller morene. Vegetasjonen på desse areala er gjerne røsslyng eller blåbærlyng.

Fyllmassar er lausmassar som er frakta på plass av menneske. Omgrepet er brukt for steinfyllingar, søppelfyllingar og andre større fyllingar. Bakkeplanering i jordbruksområde er ikkje rekna med.

Fjell i dagen

Fjell i dagen er skilt ut med eigen farge når felta er store nok. Symbolet for liten fjellblotning er brukt for mindre blotningar i område med elles samanhengande lausmassedekke.

Små og vanskeleg avgrensbare avsetningar i område dominerte av andre lausmassar/snaufjell

Desse avsetningane er viste med bokstavsymbol. I område dominerte av andre lausmassar blir symbola brukte for overflateavsetningar som er for lite mektige eller for små til at dei kan skiljast ut med eigen farge, og for avsetningar som er innblanda i den dominerande lausmassetypen.

I område dominerte av fjell i dagen blir symbola særleg brukte for lausmassar i små søkk og sprekker.

Kornstorleik

Kornstorleik for sorterte avsetningar (vasstransporterte materiale) er vist som punktobservasjonar og byggjer hovudsakeleg på feltvurderingar. Det er gjort visuell vurdering ned til ca. 1 m djupn. I omtalen av sorterte avsetningar blir hovudfraksjonen brukt i substantivform. Hvis andre fraksjonar er representerte med meir enn 10%, er desse omtalte i adjektivform, f.eks. sandig grus (mest grus, sand utgjør meir enn 10%, andre fraksjonar mindre enn 10%). Det er brukt eit modifisert Wentworth system.

For usorterte avsetningar, f.eks. morenemateriale, er kornstorleikar ikkje viste på kartet, men blokkrik overflate og store enkeltblokker kan vere viste.

Mektighet og lagfølge

Hvis det ligg fleire avsetningstypar over kvarandre i eit område, er den øverstliggande vist på kartet med farge hvis mektigheten er større enn ca. 0,5 m og den arealmessige utbreiinga er stor nok. Mektighet og lagfølge er vist med tal og bokstavsymbol for djup og kornstorleik eller avkastningstype der ein har data. Slike data byggjer oftast på studiar av vegskjæringar, grustak, elvenedskjæringar, byggegroper og seismiske undersøkingar.

Isrørsleretning

Skuringsstriper viser retningar isen har bevega seg i. Dei er danna ved at lausmassar på undersida av isen har skurt eller slipt fjelloverflata i rørsleretninga. Isskuringsobservasjonane er tekne på mest mogeleg flatt- og frittliggande lokalitetar for å unngå retningar som er bestemte av lokaltopografien.

I tillegg til skuringsstriper blir det ofte danna bogeforma riss (*parabelriss*) og *sigdbrot*. Isen kan også forme sjølve fjelloverflata med langstrakte, ryggforma svaberg (*rundsva*). Rundsva har slak, glattslipt støtside, og bratt avplukka leside.

I lausmassar har ein ofte *drumlinar* og langstrakte parallelle groper i moreneoverflata (*fluted surface*). Drumlin er ein langstrakt, straumlineforma morenerygg som vart avsett medan isen bevega seg. Ryggen kan vere bygd opp omkring ein kjerne av fjell. Lengdeaksen viser isrørsleretninga på den tida drumlinen vart

danna. Fluted surface er danna av lausmateriale i botnen av isen, og syner siste isrørsleretninga.

Dreneringsspor etter breelvar (raude symbol).

Dreneringsspor etter breelvar finst som *store og små tosidige dreneringsspor i lausmassar, breelvnedskjeringar* som er større erosjonskantar i lausmassar, og *dreneringsspor i fast fjell* (gjel eller canyon).

Haugar og ryggar er brukt for større og mindre haugar, f.eks. morenehaugar og ryggar med vilkårleg orientering.

Høgt innhold av blokker på overflata er brukt for moreneområde med særleg blokkrik overflate. Ofte vil dette vere ablasjonsmorene.

Dødisgrop er grop i lausmassar, danna ved smelting av meir eller mindre nedgravne isrestar («død» is).

Iskontaktskråning er ein skråning i lausmassar danna mot ein iskant.

Nedskjæring av elvar (eller breelvar) er ein bratt skråning danna ved elveerosjon i lausmassar.

Terrasse. Dette symbolet markerar ein skråning langs kanten av ei terrasseflate. Når skråningen er forårsaka av breelv- eller elveerosjon, er symbolet erstatta av nedskjæringssymbol.

Ravine er erosjonsform danna ved langsom utvasking av overflatevatn og grunnvatn. Dei har ofte form av lange smale dalsøkk med V-forma tverrprofil. Raviner blir oftast danna i finkorna lausavsetningar, som f.eks. i siltavsetningane langs Randsfjorden.

Refraksjonsseismisk profil, langs desse profila er det gjort seismiske målingar for å kunne vurdere lausmassemektighetar, samansetjing og lagfølge,

METODAR

Kartleggingsgrunnlag

NGO's kart i M 1:50 000, serie M711, er brukt som topografisk grunnlag for det kvartærgeologiske kartet. For å lokalisere navn og prøvelokalitetar, er UTM-koordinatane på kartgrunnlaget brukte.

Under teikninga av kartet er det naudsynt å generalisere, bl.a. på grunn av kartmålestokken slik at kartet viser den dominerande lausmassetypen nær overflata. På grunn av kartmålestokken kan små detaljar som dreneringsspor o.a. bli overdrivne på kartet, og andre kan bli utelatne. I felt er det heller ikkje alltid så skarpe grenser mellom avsetningstypene som kartet viser.

Feltundersøkingar

Under feltarbeidet er registreringane innteikna på flyfotos i målestokk 1:15 000 eller økonomisk kartverk M 1:5 000. Lommesteroskop er brukt ved registrering på flyfotos, spade og stikkbor er brukt som hjelpemiddel til å fastlegge lausmassetypene. Dessutan vart det brukt gravemaskin til sjaktgraving for å studere submorene sediment i Nord-Torpa. Til støtte for kartlegginga vart det teke 194 prøvar, 12 av organisk materiale (Pl. 1a). Dei fleste moreneprøvane er tekne på 0,5–1 meters djup, men nokre prøvar av breelvmateriale er tekne på 6–7 meters djup i grustak.

Laboratorieundersøkingar

Det er gjort sikte- og hydrometeranalysar av materiale mindre enn 19,1 mm for å finne mengda av ulike kornstorleikar. Bergartsteljingar er gjort av fraksjonen 4–8 mm i morene, og fraksjonane 4–8 mm og 20–64 mm i ein del av breelvmaterialet. Det er dessutan gjort geo-kjemiske analysar av det minerogene materialet.

EKSEMPEL PÅ BRUK AV KARTET

Arealplanlegging

Ei forsvarleg vurdering av arealbruk i planleggingsamanheng krev blant anna inngåande kjennskap til lausmassane. I ei rekkje lover, f.eks. bygningslov, jordlov, lov om naturvern og lov om vassforureining, går det fram at naturforholda skal vurderast før arealdisponering blir gjort. Kvartærgeologiske kart og beskrivelser, og eventuelle temakart utarbeidde på grunnlag av desse, gir fundamentale opplysningar om grunntilhøva, tilgangen på ressursar som sand og grus, dyrkjingsjord, m.m. Karta bør brukast i ei tidleg fase av planarbeidet. Då vil ein i større grad kunne plassere utbyggingsområde slik at ein sparer viktige ressursar og unngår dårleg byggegrunn.

Bygge- og anleggsarbeid

Ved konkrete utbyggingsprosjekt vil karta aldri erstatte detaljerte grunnundersøkingar, men dei kan brukast på planstadiet til å avgrense område der detaljundersøkingar er naudsynte. Dei gir og informasjon om eventuelle førekomstar av byggeråstoff i området.

Malmleiting

Kvartærgeologiske kart er av grunnleggande verdi for malmleiting i område som er dekte av lausavsetningar. Blokkleiting, tungmineralanalysar og geokjemiske analysar er vanleg nytta leitemetodar i lausmassane. Tolking av resultata er viktig for å kunne spore tilbake malmførekomstane i fast fjell. Dette krev godt kjennskap til dei kvartærgeologiske forholda, f.eks. lagfølgje, transportretning og -lengde av lausmassane.

Vern – freding

I dei seinare åra har interessa og trongen for sikring av verneverdig natur auka. Dette gjeld også lausmassane, ut frå følgjande målsetjingar:

- å sikre område eller objekt som dokumentasjon av Norges kvartærhistorie til bruk i undervisning og naturvitskapeleg forskning
- å verne sjeldan og eigenarta natur
- å verne verdfulle friluftsområde

På grunnlag av eit kvartærgeologisk kartverk kan disponering av lausmassar til ulike formål samordnast med verneplanar slik at ein totalt sett kjem fram til den beste løysinga.

Annan bruk

Karta kan brukast i forskning og undervisning i geologi, geografi og planleggingsfag. Vidare er karta veileigna utgangspunkt for spesial-undersøkingar innan grunnvatn, ingeniørgeologi og geoteknikk. Dei vil også utgjere eit viktig grunnlagsmateriale for oppbygging av ressursoversiktar og ressursrekneskap.

SPESIELL DEL

Innleiing

Det kartlagde området (Fig. 1) ligg rundt nordenden av Randsfjorden i Oppland fylke, og på begge sider av elva Dokka. Gjennom den nordlege delen av kartet går Snertingdalen i austleg retning mot Mjøsa.

I Dokka-området er lausmassane tidlegare undersøkte av Sørli (1925) som har utgitt eit oversynskart i målestokk 1:200 000 over «Jordbunnen i Søndre Land, Fluberg, Nordre Land og Torpa, Oppland Fylke». Dei kvartærgeologiske landgeneralkarta i målestokk 1:250 000, «Oppland» (G. Holmsen 1954) og «Hallingdal» (G. Holmsen 1955) gir også eit oversyn over kvartærgeologien i Dokka og områda rundt. Vidare føreligg det ei upublisert hovudoppgåve av Strøm (1964) om kvartærformer i Nordre Land.

I samband med NGU's grusregister for Oppland fylke, er det gjort prøvetaking av grusførekomstar i Dokka-området (Andersen et al. 1982).


Berggrunn

Berggrunnen omkring den nordlege delen av Randsfjorden er undersøkt av O. Holtedahl (1915, 1939, 1948, 1953, 1960). Seinare kom berggrunnskartet Dokka med beskrivelse (A. Bjørlykke 1979). Grunnfjellet i området er også undersøkt av H. Skålvoll (pers. medd.).

Prekambriske gneisar er dei eldste (ca. 1000–1100 mill. år gamle) bergartane i området. Dei ligg stratigrafisk lågast, og også lågast i landskapet. Dei finst på begge sider av Randsfjorden, og i botnen av Etnedalen (Fig. 2), dessutan i fjellområdet vest for Randsfjorden. Langs vegen mellom Svingvoll og Dokka finst det forgneisa vulkanittar og sediment. Vest for Randsfjorden har gneisane granodiorittisk samansetning. Dei er grå og middelskorna og enkelte stader finst amfibolittlinser. Det finst óg granittar i grunnfjellsområdet, både innafør, vest og nordvest for kartbladet.

Eokambriske bergartar er danna i overgangen mellom prekambrium og kambrosilur (ca. 750–570 mill år sidan). Dette er sedimentære bergartar med variasjonar frå forsteina morene (Moelv-tillitt) til finkorna skifer (Ekre). Dei er avsette i grunnfjellsbasseng og seinare omdanna ved forkastningar og horisontale overskyvingar.

Den eldste er Brøttumformasjonen med sandstein og skifer som finst lengst



PERM
Permian

ROMBEPORFYR OG DIABASBERGARTER
Rhomb-porphry and diorite

KAMBRO - SILUR
Cambro - Silurian

KALK OG SKIFER
Limestone and shale

SANDSTEIN OG SKIFER
Sandstone and shale

EOKAMBRIUM
Eocambrian

HOVEDSAKELIG KVARTSITT OG SANDSTEIN
Mainly quartzite and sandstone

BIRIFORMASJONEN SKIFER OG KALKSTEIN
Bir Formasjon: shale and limestone

BRØTTUMFORMASJONEN SANDSTEIN OG SKIFER
Brøttum Formasjon: sandstone and shale

PREKAMBRIUM
Precambrian

UDIFFERENSIERT GNEIS
Undifferentiated gneiss

FØRKASTNING
Fault

Fig. 2. Berggrunnskart. Litt forenkla etter A. Bjørlykke (1979).
Geological map, modified from A. Bjørlykke (1979).



Fig. 3. Området mellom Dokka sentrum og Randsfjorden, sett mot N. Foto: A. R. Aa 1975.
The area between Dokka and Randsfjorden, looking north.

nordaust på kartet. Over og sørvest for denne ligg Biriformasjonen med kalk og skifer. Gjennom disse bergartane som er lite motstandsdyktige mot iserosjon, renn Vismunda mot SØ i eit 160–170 m djupt dalføre.

Kvartsittane og sandsteinane (Ringsaker – og Vardal –) er derimot harde motstandsdyktige bergartar, og desse utgjer dei høgastliggande åsane, f.eks. Julkerudshøgda (637628) 880 m o.h. Dei stikk også opp som markerte brattkantar mange stader i landskapet, som f. eks. øverst i dalsidene langs Randsfjorden og i Etnedalen.

Vardalssandsteinen er ofte grovkorna (5–10 mm), og ved Akksjøen vest for Randsfjorden finst han i form av konglomerat. Ringsakerkvartsitten vekslar i farge og tekstur frå lys massiv kvartsitt til blågrå grovkornig kvartsitt. I Torpa-området aukar leirmineralinnholdet i øvre del av Ringsakerkvartsitten, slik at den lyse massive delen har vorte grønleg. Fargane kan vere viktige for å kunne oppspore opphavsbergartane i morenen.

Kambro-siluriske bergartar

P.g.a. overskyvning av eokambriske b.a. ligg det kambro-silurisk skifer mellom grunnfjell og eokambriske bergarter i begge dalsider langs Randsfjorden og Etnedalen. (Dette går ikkje fram av Fig. 2 fordi sona er svært smal.) Ved Landåselva finst det over basalkonglomerat 5–10 m med vekslande sandige skifrar og sandsteinar med kvartsittisk preg. Deretter grønlege, siltige skifrar med mektighet på 5–50 m.

Alunskifrar finst også i tynne lag fleire stader. Desse er sterkt omdanna.

Øverst i kambrosiluserien ligg ortocerkalk. Denne finst som 5–10 m mektige lag, ofte med høgt skiferinnhold. Kalksteinen stikk ofte opp i landskapet som ryggar i Ø–V retning.

Permiske rombeporfyr og diabasbergartar opptrer i tre gangar. Den eine er blotta ved Kolstad (619455) der han er 10–15 m brei. Desse vulkanske gangbergartane har ofte trengt fram langs forkastningsplan, og fleire stader følgjer bergartsgrensene slike forkastningar.




Fig. 4. Dokkas canyon S for Ommelstad i vest-Torpa (582543). Avspylt fjell til høgre. Foto: A. Rasmussen 1976.

The canyon of the Dokka river in Vest-Torpa (582543). Washed bedrock surface to the right.

Topografi

Dokka-området er prega av slake vidder med jamn stigning frå det 6–700 m høge åspartiet vest for Randsfjorden til over 800 m o.h. lengst nord. Høgaste åsane er her Jentehaugen 877 m o.h. (526606) og Jukelrudshøgda 880 m o.h. (638629). Åspartia har i store trekk strøkretning aust–vest. Dette har samband med at Osendekket som er oppbygd av eokambriske sediment, vart folda og skuva mot sør under den kaledonske fjellkjedefoldinga (Bjørlykke 1969). Foldane har gitt dei karakteristiske aust–vest retta åspartia og dalane.

I åslandskapet er hovuddalane langs Randsfjorden, Etna og Dokka skårne skarpt ned 3–400 m. Særleg markerte brattkantar er det i dalsidene langs Randsfjorden og Etna. Årsaka er at harde kvartsittar og sandsteinar her ligg over kambrosilurisk skifer (Bjørlykke 1979).

Dei mest markerte brattkantane er Rostberget og Vikerkampen vest for Fluberg og Odnnesberget nord for Randsfjorden. Elles kan brattkantane følgjast mest samanhengande vestover heile kartet sør for Etna.

Der grunnfjellet startar blir dalprofilen slakare, og langs Randsfjorden er det stadvis ei hylle av grunnfjell 20–30 m over fjordnivået. Denne utgjer også



Fig. 5. Skuringsstriper i to retningar (piler) på flate av finkorna Brøttumskifer litt N for kartkanten (692685). Foto: A. R. Aa 1980.

Glacial striae in two directions indicated by arrows. The bedrock is Brøttum shale (692685).

underlaget for ein del av dei horisontale siltterrassane langs Randsfjorden. Der fjellhylla manglar, skråar sedimentoverflata meir gradvis ned mot fjorden.

I Etnedalen er det horisontale sandterrassar langs dalsidene. Det er her ikkje påvist underliggande fjellhyller.

Dokkadalen frå Dokka sentrum til Nord-Torpa er ein trang V-dal djupt nedskåren i ein eldre glasial U-dal (Fig. 4). V-dalen endar ofte nederst i ein djupt canyon med loddrette sider. Mange syklar av sub-glasial og proglasial/fluvial drenering kan vere ei av årsakene til den kraftige nedskjæringa.

Sideelva Kjøljuva har også skåre seg kraftig ned i fast fjell, minst 8–10 m ved (565552).

Karakteristiske overflateformer er også dei store viftene ved munningane av Dokka, Åvella og Landåselva. Mot rotpunkta av viftene har elvane skåre seg djupt ned, som regel til fjell.

Isrørslar

Rekonstruksjonen av isrørslar byggjer på observasjonar av skuringsstriper, og delvis også retningselement som drumlins.

Det er gjort ei rekkje observasjonar av kryssande striper med ulikt relativt aldersforhold, og dessutan av striper med ulike retningar i støt- og lesider. Regelen er då at stripene i lesida er eldst.




Fig. 6. Rekonstruksjon av isrørslere i Dokka og tilgrensande område.
Reconstruction of ice movements in the Dokka map-area and adjacent areas.

Grunnfjellet er som regel grovkorna og litt forvitra i overflata. Her er berre grove striper oppbevarte. Unntaksvis kan grunnfjells-lokalitetane gje mykje informasjon, som f. eks. ei nyleg avdekkta flate med støt- og lesider vest for Dokka sentrum (572453). Som regel finst likevel beste lokalitetane på finkorna bergartar, t.d. leirskifrar (Fig. 5), der også svært tynne striper kan vere oppbevarte. Dei mjuke bergartane har gjerne vore beskytta av f. eks. morene der tydelege skuringsstriper finst. På harde kvartsittar og harde finkorna sandsteinar kan det finnast skuringsstriper også på flater som har vore eksponerte i postglasial tid.

For å få eit betre regionalt bilete av isstraumar i siste istid og avsmeltingsfasen, og kunne korrelere Dokka-området med Aust-Jotunheimen og Gudbrandsdalen, har eg også gjort nokre skuringsobservasjonar utafor kartbladgrensene, og særleg nord for kartblad Dokka. I 1978-79 gjorde eg feltarbeid for NGU i Follebu og Lillehammer-området, i samarbeid med Lars Olsen, og forholde her (Olsen 1983,

Olsen i arb.) er også viktige for tolkinga av skuringsobservasjonane i Dokka-området.

Fase 1, innleiingsfase

Dette er ein nedisingsfase som starta med brear i fjellområda nær vasskiljet. Breane spreidde seg mot aust, først i form av lange dalbrear i dei største dalføra, som Etnedalen og Dokkadalen. Etter kvart spreidde breane seg utover alle vidder og voks til tjukk innlandsis.

Fase 2, hovudfase

Denne fasen er prega av innlandsis med isskiljet plassert ikkje langt frå vasskiljet. Fase 2 svarar til fase 2 etter Vorren (1977) og fase B etter Bergersen & Garnes (1972). Innlandsisen kan ha vore 2000 m eller tjukkare i Dokka-området. Dei aller fleste skuringsstripene stammar frå denne fasen, og stripene har ei søraustleg retning. Dei søraustlege stripene er dei eldste på mange lokalitetar med kryssande skuring, f. eks. N for Landåsvatnet (728466). Desse stripene er som regel markerte, og mange flater har fått ei hovudutforming under denne fasen. Sidan issenteret låg langt unna, har Dokka-området i denne fasen utgjort ei erosjonsone.

Også innafør kartblad Gjøvik (Sveian 1979), kartblad Lillehammer (Olsen 1983), i Gudbrandsdalen og aust-Jotunheimen (Bergersen & Garnes 1972) er det funne ein hovudfase med skuringsstriper mot SØ. Både innan Gjøvikkartet og Dokkakartet er det drumlinformer med søraustleg retning. I Dokka finst desse sør for Snertingdalen ved (694503) og (696503), dessutan lengst nordaust mot Vismundas dal (707618), (712610), og (720587). Drumlinane kan også vere danna under fase 4.

Fase 3, maksimum av siste istid

Dette er ein fase med meir sørleg skuring, bl.a. på fleire lokalitetar nord for Landåsvatnet, og nord for Snertingdalen (721530).

Også på dei høgste åsane, t.d. 850 m o.h. (527604), er det overgang frå søraustlege til sørlege striper, det same gjeld området vest og nordvest for Synnfjellet (Fig. 6). Dei sørlege isstraumane ser ut til å ha gått uavhengig av topografien. Det ligg nær å tolke fase 3 som tilsvarande fase C (Bergersen & Garnes 1972) og fase 3 (Vorren 1977).

Garnes (1980) har diskutert overgangen frå fase B til fase C, og meiner at særleg skuringsobservasjonane tyder på ein diskontinuitet, noko som skulle tyde på ei hurtig omlegging av isskiljet frå ein nordvestleg posisjon til ein posisjon langt i sør over Vinstra (Fig. 1). Ho meiner likevel at det mest sannsynlege er ei gradvis forflytning, og at diskontinuiteten kan skuldast vanskar i å påvise dei svake skuringsstripene som det sannsynlegvis har vore under kulminasjonsområdet.

I Dokka er det klare indikasjonar på *gradvis* overgang frå søraustleg til sørleg skuring. På fleire lokalitetar, f. eks. (715429), (728466), (721530) og (585484) er det opptil 6 retningar med gradvis yngre striper i sektoren SØ til sør.

Fase 4, Jotunheimen-fasen

I områda nord og nordvest for kartblad Dokka er det austleg isskuring som er yngre

enn den sørlege (Fig. 6c). Dette gjeld fjellområdet vest for Vestre Gausdal og nord for Synnfjell. Dessutan Tonåsen vest for Etnedal. Stripene finst så langt aust som til Nordseter aust for Lillehammer. På kartblad Dokka er det også austlege striper (f. eks. 578590). Carlson et al. (1979) meiner at det er eit aktivt bresenter i Jotunheimen, med austlege bevegelsar. Dei meiner at austgrensa for desse bevegelsane har vore NV for Synnfjell og at f. eks. isen frå Jotunheimen fylte austre Slidres dalføre, men ikkje var mektig nok til å dekkje dei flate viddeområda i aust.

Dei nemnde skuringsobservasjonane kan likevel tyde på at dei austlege isrørslene har hatt langt større utbreiing, at austgrense kan ha vore endemorenene i området Sjusjøen–Nevelsfjell (Olsen 1983, Olsen i arb.). Fase 4 kan tilsvare fase D etter Garnes & Bergersen (1980), men i den sørlege delen til og med Dokka-området går likevel isrørslene meir mot aust enn i Garnes & Bergersen sin rekonstruksjon. Indikasjon på at is frå vest var yngre enn is frå nord, har ein både i Etnedalen og ved Dokka sentrum (572452). Den siste lokaliteten viser at Etnedalen var seinare isfri enn munningen av Dokkadalen.

Mot slutten av fase 4 tynnar isdekket ut i Dokka-området, og isrørslene viser aukande konvergens mot Randsfjorden. Dette viser på lokalitetar aust og nordaust for Randsfjorden, med yngste retning mot SSV. I området vest for Randsfjorden er det ei tilsvarande dreiiing frå søraustlege til austlege striper.

Fase 5

Dei yngste isrørslene (Fig. 6d) er meir topografisk avhengige rørsler som følgjer dalane. I Flubergområdet ved Randsfjorden og dalsidene langs Etna er det truleg spor berre etter desse. Nokre stader ser det ut til at yngste isrørslene er frå lokale isrestar på viddene ned mot dalføra, som f. eks. frå fjellområdet SV for Dokka sentrum der dei yngste stripene peikar mot NØ f. eks. ved (528415) og (554416). Det same er tilfelle på den nordvestlege delen av kartet, ved (577617), (586607) og (590602).

Isavsmeltingshistorie

Studiet av isskuringsstriper har vist korleis innlandsisen bevega seg i ulike fasar av siste istid. Fase 3 er tolka som innlandsisens maksimum med isskilje i Vinstra-området. Dette var ein fase med liten glisialgeologisk aktivitet, dvs. lite avsetning av morene og iserosjon i sentrale delar av Austlandet. Mesteparten av bunnmorenen var avsett tidlegare.

Lagdelt sediment under morene er funne fleire stader i Dokka-området. Desse tyder på at området, på same måte som mange andre deler av Austlandet, var isfritt ein gong under siste istid.

Fase 4 viser truleg brerørslene under størstedelen av avsmeltingsperioden på Austlandet.

Ved slutten av Yngre Dryas for 10 000 år sidan låg isfronten ved Ski i Oslofjorden, og for 9 500 år sidan ved Jessheim, Hauer seter og Hønefoss (O. Holtedahl 1953, Sørensen 1979). Ein lang fjordarm strekte seg inn til Hønefoss, og fjordnivået ved brekanten var då 200 m høgare enn i dag. Det er og indikasjonar

på at fjorden trengde vidare inn i Randsfjordbassenget (sjå s. 24). Eggemoen ved Hønefoss (Fig. 1) er også den nordlegaste omtalte avsetninga etter ein aktiv bre i Randsfjord-området. I områda lenger nord har truleg isen som smelta ned vore klimatisk død, dvs. at den klimatiske snøgrensa låg høgare enn dei høgste fjella i området, og slik at det ikkje nokon stad var overskot av snø som kunne gje næring til breen. Dette er i samsvar med den klassiske isavsmeltingsmodellen for sentrale delar av Austlandet. Ifølgje denne er vertikal nedsmelting av isdekket viktigare enn tilbaketrekking av isfronten (Mannerfeldt 1940, Strøm 1956, Gjessing 1960, 1965). Høgste fjella vart difor tidlegare isfrie enn dalane.

Av nyare arbeid er oversikten til Garnes & Bergersen (1980) om isavsmelting i sentral-Sør-Norge av stor interesse for Dokka-området. Deglasiasjonen er her delt inn i tre hovudfasar, Nunatak-, Krusgrav- og Espedals-fasen, med tilsvarende dreneringsretningar for smeltevatnet. Dokka-vassdraget utgjer sørlegaste delen av dette dreneringssystemet, og isavsmeltinga i Dokka-området skjedde truleg hovudsakeleg i Krusgrav-fasen.

Nunatak-fasen

Denne startar med iskulminasjon over Vinstra–Gudbrandsdalen (Fig. 1) og søraustlege isrørslar i Dokka-området og tilsvargar isrørslfase nr. 4 (Fig. 6). I denne fasen vart dei høgste fjellområda NV for Dokka isfrie. Smeltevatn rann langs brekanten i fjellsidene frå Jotunheimen mot Mjøsa. I denne fasen har smeltevatnet rent på eller i breen forbi Dokka-området, og difor ikkje hatt innverknad her. Brekanten kan ved slutten av denne fasen ha lege ved Hønefoss.

Krusgrav-fasen i Dokka-området

Etter kvart som isdekket tynna ut, fekk isoverflata slakare gradient. Gradienten tilsvarte landoverflata (Garnes & Bergersen 1980), slik at store område vart isfrie samtidig, og smeltevassdreneringa vart meir styrt av lokaltopografien. Viddeområdet omkring øvre del av Dokka-elva fanga i denne fasen opp store mengder smeltevatn som drenerte mot SØ gjennom Skagspasset 1160 m o.h. (Fig. 1), og seinare Krusgravspasset (1110 m o.h.) (Fig. 1). På slutten var Krusgravspasset isfritt, men då rann smeltevatnet inn i den tjukkare isen i aust, og heldt fram lateralt og supraglasialt gjennom Snertingdalen mot Mjøsa, og seinare langs nedre Dokka-dalføret mot Randsfjorden.

I ytre delar der isdekket var tynt, må denne dreneringa ha gått subglasialt, og subglasial drenering er det talrike spor etter både i Gjøvik-området (Sveian 1979) og innafør kartblad Dokka.

Drenering gjennom Snertingdalen

Breelavsetningar som viser smeltevatnet sine dreneringsretningar, er nærare omtalte i eit eige kapittel (s. 33). På viddeområdet mellom Vismunda (720628) og Finndalen (655610), 6–700 m o.h., er det mange eskerar som viser subglasial drenering mot søraust. I Vismundas dal viser både eskerar og subglasiale løp i dalsida at smeltevatnet har søkt mot dalbotnen. Eskerane og smeltevassløpa er korte. Dei startar og endar tilsynelatande litt tilfeldig. Dette kan tyde på at



Fig. 7. Neshalvøya ved Fluberg, fotografert mot N. Sedimenta i overflata er dominerte av silt. Iskontaktskråninga er markert med piler. Foto: Fjellanger–Widerøe.

The Nes peninsula at Fluberg, looking north. The surface sediments are dominated by silt. The ice-contact slope is indicated by arrows.

smeltevatnet i ein tidleg fase har nådd ned til bakken og følgd denne berre over kortare strekningar. Seinare har det rent vidare inne i isen (englasialt).

I siste fasen med svært tynn is, har smeltevatnet følgd dalbotnane.

Finndalen i nordlegaste delen av kartblad Dokka har lenge vore ein viktig dreneringsveg for smeltevatnet. I overflata finn ein stort innslag av tildels godt runda Jotunbergartar.

Vidare mot søraust er det fleire eskerar, og andre glasifluviale avsetningar, tildels i tilknytning til subglasiale løp. Ved elva Finna er det og nedskjæringar som forutset langt større vassmengder i Finna enn dei som renn der i dag.

I Dokka-området finst dei aller fleste subglasiale dreneringspora nord for Snertingdalen. Ein må her ha hatt ei omfattande subglasial drenering mot SSØ. Mesteparten av dette har vidare følgd Snertingdalen mot Mjøsa. Men ein del har og gått mot sør over Venolhøgda og Lauselva (K.bl. Gjøvik) og vidare mot Randsfjorden.

Drenering mot Landåselva

I viddeområdet 400–600 m o.h. NV for Landåsvatnet er det mange subglasiale dreneringsløp og breelvavsetningar, mest i form av eskerar. På grunnlag av dreneringsretninga som desse viser, og den generelle hellinga av isoverflata (Garnes & Bergersen 1980) er det sannsynleg at smeltevatnet har kome frå NNV langs Dokka, gått englasialt over Hovde–Flåmyrområdet, og meir og meir søkt ned mot bakken på vidda NV for Landåsvatnet.

Fig. 8. Laminert silt og finsand under myr ved Nes (066580). Fotoet viser ein kvist til venstre for kniven. Foto: A. R. Aa 1975.

Laminated silt and fine-grained sand beneath a bog at Nes (066580). The photo shows part of a branch to the left of the knife.



Både fra NV og NØ går det fleire smeltevassløp mot Landåselva, og der desse har samla seg, ca. 260 m o.h., er det først ca. 10 m nedskjæring i fast fjell, og nærare Randsfjorden 60 m nedskjæring i lausmassar. Til slutt har smeltevatnet bygt opp ei stor subglasial vifte/delta i Randsfjorden.

Drenering langs nedre Dokka-elva

Mange spor tyder på stor smeltevassdrenering her. Ein del av smeltevatnet kan ha rent subglasialt i nedre Dokka-dalen også under siste del av Snertingdal- og Landåsdreneringsfasane. Men etter at isen vart for tynn til å styre smeltevatnet over høgde-områda mellom Hovde (625526) og Aust-Torpa, må smeltevatnet ha følgd nedre Dokka-dalen. Erosjonen med den store dalmeanderen (Fig. 4) mellom Aust- og Vest-Torpa er mest påfallande. I botnen av den djupe Dokka-dalen er det ein 10–15 m djup canyon (Fig 4) som dels kan vere danna subglasialt og dels subaerialt i fleire avsmeltingsfasar. Den glasifluviale akkumulasjonen i Dokka-dalen startar ca. 260 m o.h., og frå ca. 220 m o.h. er det bygt opp eit subglasialt delta/vifte av store dimensjonar. Denne avsetninga har langt høgare innhold av langtransporterte bergartar, Jotunbergartar og Valdressparagmitt, enn det glasi-fluviale materialet i Etnedalen.

Lokal glasi-fluvial drenering

På begge sider av Randsfjorden er det glasi-fluviale løp ned lia, djupt nedskårne

i morenedekket. Ofte er det også utprega ablasjonsterreng med haugar og ryggar i nedre delen av lia. Morene-materialet slike stader er sandig. Ved Åvella er desse tilhøva godt illustrerte. Her er det nederst mot dalbotnen utbygd ei vifte/delta med unormalt stor sideutstrekning. Det er mest sannsynleg at desse erosjons- og akkumulasjonsformene er danna av smeltevatn som har rent subaeralt i øvre del av dalsidene. Lenger nede har smeltevatnet søkt inn under breen og danna eskerar og subglasiale løp. Etter overflateforma på Åvellas vifte, er denne sannsynlegvis danna subglasialt mot isstøtte i dalbotnen. Dette dreneringsmønsteret forutset også lokale isrestar på viddene, f. eks. vest for Randsfjorden. Liknande tilhøve finn ein også i dalsidene i Dokka-dalføret. Størst nedskjæringar, tildels også i fjell, er det langs sideelvane Domma, Kjøljua og Lundeelva (Fig. 9). Men også i austsida og i Nord-Torpa er det mange løp ned dalsidene mot Dokkaelva.

Ablasjonsterreng med haugar, ryggar, og sandig morenemateriale er karakteristisk mest overalt i nedre delar av dalsidene.

Randsfjorden og Etnedalen

Holtedahl (1953) meiner at marin grense (MG) ved Eggemoen er 204 m o.h., og at MG i Randsfjorden er representert ved ei stor grusflate 191 m o.h. ved gardane Halmrast og Granen på austsida av fjorden 30 km SØ for Dokka.

Det finst også høgare terrasse-nivå i området, f. eks. 220 m og 200 m, i Dokkas og Landåselvas vifter. Dette er truleg laterale erosjonsnivå med nokre km utstrekning, men 200 m-nivået kan teoretisk sett vere styrt av fjorden ved Hønefoss. Størst utstrekning har eit terrassenivå på 170 m. Dette er det største i Landåselvas vifte, og det finst i Dokkas vifte.

På Nes (666380) (Fig. 7) har eg gjort pollenanalyse av gytje og silt (Fig. 8) 160 m o.h. utan å finne marine mikrofossilar. Dette kunne indikere at havet ikkje trengde så langt inn i Randsfjorden, og at silten vart avsett i ferskvatn, kanskje lateralt mellom Dokka sentrum og Randsfjorden, men i siste del en isavsmeltinga må det ha vore meir åpen innsjø ved Fluberg der sedimenta ligg over det meste av Neshalvøya.

I seinare tid er det også funne saltvatn i borebrønner i fjell i Gullerudvika nord for Brandbu (Skjeseth pers. medd.). Vassprøver frå desse brønnane blir f.t. nærare undersøkte. Som nemnt under beskrivelsen av breelvterrassar i Etnedalen ligg det nærast å tolke 170 m nivået der som danna etter at isen i dalbotnen hadde smelta.

Der kan likevel på denne tida ha lege ein isrest i det nordlege Randsfjordbasenget N for Fluberg.

I Fluberghalvøya er det glasifluvialt materiale med klar iskontaktskråning mot nord (Fig. 7). Fluberghalvøya kan difor tolkast som isfrontavsetning, delvis betinga av fjellterskel i Randsfjorden.

Siltavsetningane ved Fluberg er dei mest finkorna i den nordlege delen av Randsfjorden. Desse kan også vere danna før siste isresten forsvant frå bassenget nord for Fluberg. ^{14}C -dateringar viser at Skåbuområdet var isfritt for ca. 9000 ^{14}C -år sidan (Alstadsæter 1979). Det er då sannsynleg at Dokka-området vart isfritt litt tidlegare.




Fig. 9. Lundeelva har skåret seg ned i mektig morenedekke i Vest-Torpa. Foto: Fjellanger–Widerøe.
The Lunde river has deeply incised the thick cover of till at Vest-Torpa.

Morenemateriale

MEKTIGHET

Dannelsen av morene er tidlegare omtalt s. 5. Morene er arealmessig viktigaste jordarten i området. Morenedekket er generelt mektigast i dalsidene, og særleg i støtsider. I lia sør for Randsfjorden ligg det samanhengande og mektig morenedekke opp til ca. 500 m o.h. Dei største elvnedskjæringane som stadvis går ned i fjell, viser at morenedekket kan vere opptil 10 m mektig. I lesider nord for Randsfjorden og Etnedalen er det også mektig morenedekke, men her ikkje så store areal. Langs dalsidene i Dokkadalføret kan morenedekket fleire stader vere 6–8 m mektig, også her går sideelvane ofte ned på fjell. Tynt dekke er det berre enkelte stader på dei aust-vest retta fjellryggane.

I Snertingdalen frå (685550) til (710530) er det veiskjæringar og breelvnedskjæringar som viser morenemektighet av storleiksorden 5–15 m, særleg langs nordsida av Storelva.

Lundeelvas nedskjæring (569554) viser at morenedekket her er over 10 m mektig (Fig. 9). Ved idrettsbana (564566) er morenemassane meir enn 8 m tjukke. Også på viddene kan det mektige morenedekket ha stor utbreiing, særleg i slake område utan markerte fjellryggar. Dette gjeld både viddeområdet sørvest for Åvellhaugen (598391) og Svartvatnet (565395), området nordvest for Landåsvatnet, og sør for Ullsjøen (Fig. 9). Totalt sett har det tjukke og samanhengande morenedekket større utbreiing enn tynt og usamanhengande dekke.




Fig. 10. Områda med usamanhengande morenedekke vest for Dokka sentrum. Loengbygda i bakgrunnen. Foto: Fjellanger-Widerøe.

An area with a discontinuous cover of till west of Dokka. Loengbygda (550480) is seen in the background.

I områda med tynt dekke stikk fjellet ofte opp (Fig 10). Tynt morenedekke er vanleg på høgder og fjellryggar, der det også generelt er motstandsdyktige bergarter. F. eks. er bergartane Moelv-tillitt, Ringsakerkvartsitt og Vardalsandstein motstandsdyktige mot glasial erosjon. Kartet viser eit mønster for det tynne morenedekket som samsvarar godt med den underliggande fjelltopografien, særleg trer dei aust-vest retta ryggane godt fram.

I kalkområda har det ofte vore vanskeleg å skilje tynt og tjukt dekke, då det her gjerne er tett vegetasjon uavhengig av morenedekket. Men generelt kan ein seie at det på kalk og skifer, der desse dannar slake terrengformer, ligg tjukt morenedekke.

BERGARTSINNHOLD

Steinteljingar av fraksjonen 4–8 mm i 150 moreneprøver er gjort av Lars Olsen i 1977 og 1978 etter oppdrag frå NGU. Det følgjande avsnittet er i hovudsak frå hans rapport. På Pl. 1 er vist prosentvis samansetjing av dei 5 hovudbergartane som finst i morenen. Berre prøver frå øvre delar av morenedekket (0–2 m) er tekne med.

Grunnfjellsbergartar (Pl. 1b) er prekambriske gneisar og granittar som finst innfor kartet (Fig. 2) og i små område vest og NNV for kartbladet, f.eks. i Etnedalen og Synnfjellsområdet. Berggrunnen vest for Randsfjorden er massiv granitt og granodioritt som er motstandsdyktig mot nedbryting.

I område med glimmerrik gneis vil derimot fjellet lett bli nedbrote til den aktuelle storleiken, og utgjere ein stor del av den lokale morenen.

Grunnfjellsbergartar i morenen i den sørlege delen av Dokkadalføret, vestlege delar av Landåsen og øvre Snertingdalen, kjem frå grunnfjellsområda vest og nordvest for kartbladet. Særleg i øvre Snertingdal ser grunnfjellsbergartane i morenen ut som granittdetritusmaterialet i Valdres-sparagmitt. Dei kan difor representere opphavsmaterialet for denne Valdres-sparagmittypen (Dietrichson 1950). Det kan ofte vere vanskeleg å skilje mellom dei nemnde typane. Grunnfjellsbergartane i den nordvestlege delen av kartet stammar truleg frå Synnfjellsområdet.

Ringsakerkvartsitt og Vardalsandstein finst i berggrunnen over store delar av kartbladet. Desse bergartane finst i fraksjonen 4–8 mm i mest alle moreneprøver både der dei står i berggrunnen, og andre stader (Pl. 1c).

Ein grønleg variant av Ringsakerkvartsitten kan ofte vere vanskeleg å skilje frå den grønlege varianten av Valdres-sparagmitt.

Kambrosilur-bergartar (Pl. 1d) finst i berggrunnen som skifer og kalkstein. Fraksjonen 4–8 mm i moreneprøver ned til 2 m djup er analyserte med konsentrert saltsyre, men det er ikkje funne noko innslag av kalkstein eller kalkholdig skifer. Årsaka kan vere at kalkholdige partiklar er oppløyste. Bergartane finst i hovudsak i morenen i dei områda som bergartane står. At det finst lite kambrosilurbergartar (4–8 mm) utafør kambrosilur-områda, kan tyde på hurtig nedknusing av skiferen.

Valdres-sparagmitt (Pl. 1e) som står i berggrunnen NV og NNV for kartbladet, finst i meir enn 2/3 av moreneprøvane. Valdres-sparagmitt er samansett av gabbrodetritus, granittdetritus og overgangstypar mellom desse. Dei to sistnemnde utgjer Valdres-sparagmitt som er funnen i fraksjonen 4–8 mm innafor Dokka-kartet. Det er funne variantar frå sandstein til meir konglomeratiske bergartar.

Bergartsgruppa viser ein auke ved vestenden av Landåsvatnet, og mot nordaustlege delar av kartbladet. Den same tendensen gjeld og for grunnfjellsbergartar frå vest og VNV, og for jotunbergartane (Pl. 1f). Årsaka kan vere at dette er ablasjonsmateriale, dvs. frakta oppå eller i isbreen. I dei nordlege delene av kartbladet, f. eks. Finndalen, er det også påfallande stort innslag av langtransporterte blokker i overflata. Dette kan delvis vere smeltevasstransportert materiale.

Jotunbergartar (Pl. 1f) er brukt om gabbro, gabbroanorthosittar, diorittar, amfibolittar, og forgneisa variantar av desse typane. Bergartsgruppa finst i berggrunnen NV for Dokka-kartbladet, frå Espedalen og vestover, men opptrer likevel hyppig i fraksjonen 4–8 mm i morenen innafor kartblad Dokka. Ei årsak er truleg at dei fleste bergartane innan denne gruppa er motstandsdyktige.

KORNSTORLEIK

Særleg blokkrik moreneoverflate er registrert i områda med ablasjonsmorene (Fig.



Fig. 11. Ablasjonsmorene Ø for Landåselva.
Ablation till to the east of Landåselva.

11), f. eks. langs Landåselva og i Dokkadalen. Snitt i slike område viser at blokkinnholdet avtar nedover i massane.

I Dokkadalen er det stadvis reine blokkfelt der smeltevatnet har spylt bort alt materiale frå grus og nedover.

Kornfordelingsanalysar er gjort på materiale mindre enn 19 mm. På grunnlag av finstoffinnholdet (silt og leir) er morenematerialet klassifisert:

- Grusig morenemateriale – innhaldet av silt og leir er mindre enn 15 %.
- Sandig morenemateriale – innhaldet av silt og leir er meir enn 15 %, men mindre enn 35 %.
- Siltig morenemateriale – innhaldet av silt og leir utgjer meir enn 35 %.

Det sandige morenematerialet dominerer, men også grusig og siltig morenemateriale er utbreidd (Pl. 1a, Tab. 1). Kornfordelinga er i nokon grad avhengig av berggrunnen. Grunnfjellet, sandsteinane og kvartsittane gir grusig og sandig morene, medan siltig morene er mest utbreidd i skiferområda.

Under det neste avsnittet om hovudtypar av morene blir kornfordelinga i desse omtalt.




Fig. 12. Moreneleire ved Brudalen (570502). Foto: A. Rasmussen 1976.
Clayey till at Brudalen (570502).

HOVUDTYPAR AV MORENE

Etter farge og kornsamansetjing kan det skiljast ut tre morenetypar innan kartbladet:

1. «Blåmorene» eller mørk «Randsfjordleire».
2. Lysare bunnmorene som ligg over blåmorenen.
3. Ablasjonsmorene.

Dei tre typane er ikkje skilde ut på kartet.

1. «Blåmorene» eller mørk «Randsfjordleire»

«Blåmorenen», som i Randsfjordområdet kan definerast som «Randsfjordleire», er morenemateriale med høgt silt- og leirinnhold og runda grus- og steinpartiklar. Morenen er som regel hardt pakka og minner visuelt om «Mjøsleire» (Holtedahl 1953, Follestad 1974, Sveian 1979 m.fl.). «Randsfjordleiren» finst på ei rekkje lokalitetar på begge sider av Randsfjorden. Ein erosjonsrest står igjen ved Landåselva (665421), vidare ved Smehaugen (685406) og lenger sør (692369) så høgt som 290 m o.h. I området nord for Fluberg er det ved brønngaving funne mørk «steinhard leire». På vestsida av Randsfjorden er «Randsfjordleiren» observert i snitt på følgjande lokalitetar: (665370), (662374), (662401), (589429), (606417) og (532414). På lokalitet (603381) er morenen heilt lokal med dominerande steinmateriale av same slag som den underliggande berggrunnen.



Fig. 13. Snitt ved Sagstugu (UTM 584424). A: Sorterte sediment. B: Klumpar av «blåmorene» inni den grå. C: Grå bunnmorene. Foto: A. R. Aa 1976.
 Section at Sagstugu (584424). A: Sorted sediments. B: Lumps (pieces) of 'blue till' lying in the grey till. C: Grey basal till.

Også i Dokkadalen (Brudalen) (Fig. 12) med sidedalar er blåmorene observert og undersøkt i fleire snitt.

Der det også finst lys morene, ligg «blåmorenen» alltid stratigrafisk under den lyse. På nokre lokalitetar er også klumpar av blåmorene innbaka i den lyse (Fig. 13). Dette tyder på at isen har rykt fram over blåmorene og plukka med seg stykke av denne. På dei fleste av blåmorenelokalitetane er det teke prøver både til kornfordeling, bergartsanalyse og steinprøver 3–7 cm til rundingsanalyse. Opphavsmaterialet til silt og leirinnholdet er blåleg silt- og leirskifer som stadvis også finst som større partiklar enn silt, f. eks. ved Sagstua (592430). I fraksjonen 4–8 mm er det dominans av kambrosilurbergartar der desse står i fjellet under. Elles er det Ringsakerkvartsitt og Vardalsandstein som dominerer denne fraksjonen. Steinpartiklane er undersøkte med tanke på karbonatinnhold, konsentrert saltsyre er brukt. Ved Vestrum NØ for Randsfjorden er heile 37 % av partiklane karbonatholdige, i Snertingdalen (712528) 17 % og prøvene frå Åmot-området har 5–7 % karbonatinnhold. I området aust for Fluberg ser det ut til å vere alunskifer i blåmorenen. Vatnet i brønner i blåmorenen er ubrukeleg.

Blåmorenen er karakterisert av eit *høgt innhold av silt og leire*. På halvparten av lokalitetane utgjer silt og leire ca. 45 % av materialet < 19 mm. Dette gjeld f. eks. ved Vestrum (686416), Brudalen (570503), Åmot (567622) og i Snertingdalen (712518). På resten av lokalitetane utgjer silt- og leirinnholdet 35–46 % (Pl. 1, Tab. 1).




Fig. 14. Kornfordeling av «blåmorener» (B) med silt- og leirinnhold frå 30–50%. Alle «blåmorener» har mellom 30 og 50% silt- og leirinnhold. Dei grå bunnmorenene (C) har markert lågare innhold av silt og leire. B er ei gjennomsnittskurve for prøvane 14, 36, 145 og 149, og C tilsvarande for prøvane 176, 184, 185, 186 og 191. Lokalisering på Pl. 1a.
Grain-size distribution of the blue clayey-silty till (14, 36, 145, 149) with content of silt and clay from 30 to 50%. All the blue clayey-silty tills have a grey-size distribution within these limits. The grey lodgement tills (176, 184, 185, 186, 191) have a distinct lower content of silt and clay. For location, see Pl. 1a.

I Randsfjord-dalen kan det sjå ut til at blåmorenen stadvis har uvanleg høgt innhold av runda blokker. På desse lokalitetane inneheld morenen truleg ein del tidlegare glasifluvialt materiale. For å få undersøkt dette vart det samla inn steinprøver i fraksjonen 3–7 cm på lokalitetane 154, 155, 156, 159, 161, 162 (Pl. 1). I Brudalen har blåmorenen (154) klart betre runda steinmateriale enn den overliggende grå morenen (155) på same lokalitet.

Også steinmaterialet i dei andre blåmorenane viser ein relativt høg rundingsgrad, omlag utan innhold av kanta stein. På grunnlag av dette kan blåmorenen samanliknast med morene med innhold av retransportert og tidlegare runda materiale i Gudbrandsdalen (allokton morene, Bergersen 1964). Det høge silt- og leirinnholdet i blåmorenen kan delvis forklarast med innslag av sediment som breen har gått over og plukka opp. Den viktigaste årsaka til det høge finstoffinnholdet er likevel truleg den normale glasiale nedbrytinga av kambrosilur-bergartane og andre bergartar som gir finstoff. Dette er sannsynleg fordi ein finn eit generelt høgt innhold av leir og silt i blåmorenen også utafor hovuddalen. Steinorienteringar i blåmorenen viser lengdeakseorientering som i grove trekk samsvarar med retninga på dalføra der morenen ligg.

2. Lysare bunnmorene som ligg over blåmorenen

Morenetypen dominerer i dei fleste morenesnitte som berre går ned til 1–2 m under overflata, med unntak av stader med mørk skifer i berggrunnen.




Fig. 15. Kornfordelingsanalyse av ablasjonsmorener. Disse har under 1–2% leirinnhold, og dei fleste har 5–15% silt og leir. Lokalisering på PL. 1a. *Grain-size distribution of ablation tills. The content of clay is less than 1–2%, and most of this material has a silt and clay content of 5–15%. For location, see Pl. 1a.*

Den lyse bunnmorenen kan ha høgt leirinnhold, men generelt er sandfraksjonen her større enn i blåmorenen (Fig. 14). Morenen kan delast i to undertypar, ein sandig og ein siltig morene. Medan den sandige morenen opptrer med erosjonskontakt til blåmorenen (der begge finst), er overgangssona mellom den siltige lyse bunnmorenen og blåmorenen gradvis.

Ved Brudalen er det 33 % sand i blåmorenen, og 50 % sand i den overliggande grå morenen. Ved Solli (566566) er forholdet omvendt med 38 % sand i blåmorenen (172) og 30 % sand i den overliggande lyse morenen. Den lyse morenen har i Dokkadalføret ei søraustleg lengdeakseorientering som er i samsvar med dei søraustlege isrørslene under Jotunheimen-fasen, Fase 4. Blåmorenen er truleg avsett i ein nedisingfase (Fase 1 og 2) med dalbrear som vaks til innlandsis, kanskje innleiinga til siste nedising, og den lyse i innlandsisfasen (Fase 3) og seinare.

3. Ablasjonsmorene

Dette er ein morenetype med blokkrik overflate. Overflata er også prega av mange haugar og ryggar. Sjølv om ablasjonsmorenen ikkje er skild ut med eigen farge på kartet, kan ein oftast rekne med at det er ablasjonsmateriale i moreneliar med mange haug- og blokkymbol.

Generelt finst ablasjonsmorenen i overgangen mellom dalsidene og dalbotnen. I Etnedalen ligg det ablasjonsmorene i næraste sona over dei glasifluviale terrassane. Det same gjeld lia ned mot vifta ved Dokka sentrum. I dette området er morenen terrassert i nivået 200–220 m o.h. Dette må oppfattast som erosjons-terrasse i ablasjonsmorenen. Eit like høgt nivå finst også ved Landåselvas utløp i Randsfjorden.

Aust for Fluberg (685387) er det 4 m høge vegskjæringar i sandig ablasjonsmorene. Haugane og ryggane i overflata kan vere forma ved at materialet er avsett i holrom og sprekker langs iskanten.

Ablasjonsterrenget langs Landåselva er svært karakteristisk med store haugar og ryggar på austsida (Fig. 11), og på vestsida er det i tillegg til haugar og ryggar mange løp. Dette tyder på omfattande englasial og subglasial drenering mot Landåselva og Randsfjorden.

Det same generelle biletet med ablasjonsformer og morene har ein i dalsidene i mesteparten av Dokkadalen, der det er teke prøve av ablasjonsmorene på følgjande lokalitetar: (587452), (578482), (569471), (564494), (565512).

Ablasjonsmorenen er dominert av sand og grus (Fig. 15), overgangen til glasifluvialt materiale er gradvis, og ein kan ikkje på grunnlag av berre snitt klassifisere materialet som ablasjonsmorene eller glasifluvialt. Også i ablasjonsmorenen kan det vere straumstrukturar og svak lagdeling, f. eks. ved (578482).

MORENELEIRE I AUST-TORPA

Ved Opprud i Aust-Torpa (616587) ca. 580 m o.h. var det i 1976 eit nydyrkingsfelt på ca. 80 da. med samanhengande 1 2 m mektig morenedekke. Berggrunnen er skifer, og ein stor del av steinmaterialet i morenen er skarpkanta skiferfragment. På overflata er det stort innslag av framande bergarter, bl. a. jotunbergarter. Morenen er siltig, som vanleg for morenematerialet i området.

I ei grøft 200 m SØ for garden Opprud er det 0.5 m torv og morene over *leire*. Leira er ca. 0.5–1 m mektig, og utan lagdeling. Under leira var blotningar av skifer. Leira inneheld både skiferfragment og jotunbergarter, bl. a. sparagmitt. Enkelte av steinane, også kvartsitt, var heilt gjennomforvittra. I leira var det ein del strå som var heilt omdanna til kol, stråa kan ha vokse i leira eller vore transporterte og avsette samtidig med leira. Steininnholdet i leira aukar nedover, det var tilsynelatande ein gradvis overgang frå steinfri leire til forvittra leirskifer. Men sidan ho inneheld framande bergarter, kan det ikkje dreie seg om eit reint forvittringsprodukt.

Leira ser ut til å ligge som ei tynn kappe over heile dette området, med vanleg siltig morene og torv over.

Ved Rydland (635570) vart det under gravearbeid funne leire ned til 4 m djup. Denne var for hard for gravemaskin (fortalt av bonden på Rydland). Dette måtte dreie seg om ein lomme med lausmassar mellom kalkbenkar.

Breelavsetningar (glasifluviale avsetningar)

Under den generelle delen (s. 5) er det nemnt nokre måtar som breelavsetningane kan dannast på. I Dokkaområdet kan breelavsetningane delast inn i hovudgrupper som *subglasiale* avsetningar (esker, subglasiale vifter), *laterale avsetningar* (lateral-delta og kame-terrassar) og *brefrontavsetningar* (brefrontdelta). Eg skal område for område beskrive eksempel på slike avsetningar, og dessutan omtale *kornfordeling*, *runding*, og *bergartsinnhold* i ein del av det glasifluviale materialet.




Fig. 16. Kornfordelingskurver av bresjømateriale i Dokkas delta (2, 3, 4, 5, 6, 7), Etnedalen (18, 20, 22), og bresjømateriale ved Fluberg (33, 35). Lokalisering på Pl. 1a.
Grain-size distribution of glaciofluvial material in the Dokka delta (2, 3, 4, 5, 6, 7), Etnedalen (18, 20, 22), and glaciofluvial material at Fluberg (33, 35). For location, see Pl. 1a.

HUSODDESKEREN I RANDSFJORDEN

I Randsfjorden sør for Fluberg er det ein langstrakt rygg, Husodden (Fig. 17), som med sin nordlege halvdel ligg på kartblad Dokka. Ryggen er i alt ca. 2 km lang og høgaste nivået som stadvis er horisontalt og opptil 30 m breitt, ligg ca. 40 m over Randsfjorden. I sida på ryggen er det to terrasserte nivå ca. 20 m over fjorden. Opp til desse nivåa er det silt med innslag av godt runda stein og blokk i overflata. Høgare oppe er materialet homogen og godt sortert sand.

På grunnlag av overflateforma og plasseringa sentralt i Randsfjordbassenget er det naturleg å tolke avsetninga som esker, det er også i samsvar med Holtedahl (1948) og Strøm (1964). Oppbygginga av eskeren har truleg starta på normal måte ved subglasial tunnelfylling. Seinare kan tunnelen ha utvikla seg til ein åpen sprekk der øverste finsanden vart sedimentert. Dette ville også i så fall forklare det stadvis horisontale toppnivået på eskeren.

– Kornfordelingsanalysen viser at overflatematerialet i eskeren er for finkorna til dei fleste praktiske føremål. Materialet djupare nedover er ikkje undersøkt.

ANDRE ESKERAR OG SLUKÅSAR

Eskerar finst først og fremst i tilknytning til dei subglasiale dreneringsvegane i søraustleg retning mot Landåselva, Snertingdalen og Vismundas dal. NV for Landåselva ved (661446) ligg ein esker som er ca. 50 m lang, 3 m høg og 6 m brei. Snitt i den søraustlege delen viser svakt lagdelt grus, også med innslag av sand og stein. Bergartsinnholdet er særleg kvartsitt og skifer. Lenger vest ved (635485) er det ein 300 m lang og 4 m høg esker, og ved (638488) ein liten esker



Fig. 17. Den nordlege delen av Husoddeskeren i Randsfjorden, sett mot NØ. Foto: A. R. Aa 1976.
The northern part of the Husodden esker in Randsfjorden, looking north-east.

med retning ned fjellsida (slukesker). I den siste er det lagdelt materiale med enkelte siltlag.

Ved (659520) er ein 180 m lang rygg, som er tydelegast (4–5 m høg og 8 m brei) i den nordlege delen. Ved (675522) er ein slukås (13 på kartet) som er ca. 100 m lang, opptil 8 m høg og opptil 15 m brei. Eit snitt i ryggen ved vegen viser sand, grus og stein.

I områda nord for Snerthingdalen finst dei aller fleste eskerane, og dessutan ein del glasifluviale avsetningar utan ryggforma overflate. Nokre eksempel skal nemnast. NV for Åbbortjernet (716546) er eit område med svake rygg- og haugformer. Her er eit grustak som viser 40 cm finsand øverst, under er materialet meir grusig og usortert. I ein rygg, 100 m lang, 15 m brei og 3 m høg, ved (716549) er det også snitt i massetak, med $\frac{1}{2}$ m finsand og silt øverst, grovare sand, stein og grus under. Avsetninga er berre avmerka med spade på kartet.

Ved (714553) er det ein liten avsetning med horisontale finsandlag, og dessutan enkelte gruslag.

Ved (699574) går ein markert eskerrygg. Snitt i SØ-kant viser blokk øverst, elles stein, grus og sand. Ryggen er 5 m høg, 10–15 m brei og 70 m lang, men held fram vidare mot SØ som ein lågare rygg.

Ved (695575) er det ein rygg med om lag same materialinnhold som i den forrige. Denne deler seg i to mot myra.

Ved Svarkbekken (688578) er det to tydelege ryggar. Den vestlege er 4 m høg og 80 m lang. Den austlege er 6–7 m høg, og denne viser seg ved stikking å inneholde sand.

Ved enden av ei dreneringsrenne ligg ei glasifluvial avsetning (685567) med massetak som under ei hud av stein og blokk viser lagdelt materiale. Laga har fall mot sør. Under skråninga ligg ein horisontal lagpakke med godt sortert sand. Totalt er avsetninga 4 m mektig. Like vest for denne avsetninga er ein esker (684568) som er 70 m lang, 3 m høg og 8 m brei.

Ved koordinatane (684574) og (684565) er det mindre glasifluviale avsetningar med lagdelt grus og sand. Det same er tilfelle ved (677569) der det er eit 40 m langt og 3 m høgt snitt som viser lagdelt grus, sand og silt.

I Snerthingdal-området er det mindre glasifluviale avsetningar på følgjande stader: Ved Sagsvebekken (674554) og ved Flatsjøen (663558) er det små terrassar med sortert sand uten lagdeling, kanskje med iskontaktskråning ned mot Flatsjøen. Ved Lyseng (637572) er det spreidde haugar av sand og grus, og ved Svalheim (643567) ligg ein liten esker i søraustleg retning.

På den nordlegaste delen av kartbladet i området Finndalen–Vismunda er det fleire esker-avsetningar. Den største som ligg ved (664628), har markert ryggform og er 500 m lang og 5–10 m høg. Parallelt med eskeren er eit tosidig dreneringsløp i ca. 300 m lengde. Dei fleste av eskerane er dekkja av ablasjonsmorene. Ved (672633) er det eit heilt system av eskerar og haugar. Snitt i ein esker viser 5–10 m med sortert sand. I Finndalen (653613) er det ein 5–6 m høg esker med mykje sand i overflata. Lenger vest er det ein slukås (645612) med fingrus og sand.

LANDÅSELVAS VIFTE

Vifta dekkjer eit område på ca. 1 km² der Landåselva munnar ut i den nordaustlege delen av Randsfjorden. Mange eskerar og smeltevassløp NV for Landåselva viser omfattande, truleg hovudsakeleg subglasial, smeltevassdrenering mot nedre del av Landåselva, der det er store erosjons- og akkumulasjonsformer. Ca. 260 m o.h. renn elva gjennom eit trangt gjel med seriar av halve jettegryter i begge sider (665428). Nedafor dette er eit bratt gjel med opptil 60 m høge loddrette fjellsider. Ein del av gjelet er truleg utforma ved subglasial erosjon. Ved Fagerlund ca. 220 m o.h. (663425) er det ein stor erosjonsterrasse i morene. Vidare nedover er store mengder grus og sand avsett, og det er terrasseflater i nivåa 204, 175 og 170 m o.h. Frå 170 m-nivået er det eir djupt gjel ned til den resente vifta (gul). I dag blir materialet bygt vidare ut som delta i Randsfjorden.

Nokre erosjonsrestar av morene på den glasifluviale vifta (sjå kart) tyder på isstøtte, og at dannelsen har skjedd subglasialt. Men under utforminga av dei terrasserte nivåa må det ha vore åpa vassflate.

ÅVELLAS VIFTE (605412)

Som kartet viser er store glasifluviale masser avsette ved utløpet av Kverndalen. Åvella har seinare skåre seg djupt ned i massene, stadvis ned til fjell. Tilbake står erosjonsskråningar som kan vere opptil 30 m høge. Nokre snitt ved riksvegen (609412) kan tyde på at store deler av vifta er oppbygd av homogen sand og finsand. Mot yttergrensa av vifta (613408) er eit 15 m høgt snitt med sand og litt grus, og under sanden er det svart morene (Pr. 57). Meir sentralt i vifta (605415) viser ein vegskjæring følgjande:




Fig. 18. Breelevterrassae ved Røste (562461) i Etnedalen. I overflata er det finsand. Under overflata kan materialet stadvis vere litt grovare. Foto: Fjellanger-Widerøe.

Glaciofluvial terraces at Røste (562461) in Etnedalen. The surface material consists of fine sand. Beneath the surface the material is somewhat coarser in some places.

155–160 m o.h. sandig morene (Prøve 58).

160–165 m o.h. Glasifluvial grus og stein.

165–170 m o.h. Glasifluvial sand og finsand (Prøve 59).

Mesteparten av materialet er lagdelt, og laga har slakt fall ut mot NV. Dette går igjen i fleire av snitta. Uregelmessig overflate, særleg på austsida, kan tyde på dødisforhold då vifta vart danna. I alle fall tyder den «unormalt» store sideutstrekninga på at vifta er bygd ut mot is i dalbotnen.

Oppover lia langs Åvella er det utprega ablasjonsterreng med haugar, ryggar og løp i den sandige morenen. Forholda tyder på subglasial smeltevassaktivitet langs Åvella.

BREELVTERRASSAR I ETNEDALEN

I Etnedalen er det langs begge dalsider terrassar med markerte øvre nivå på 170 m o.h. (Fig. 18). Mot dalsidene er terrassane oftast skarpt avgrensa mot morene. Riksveg 35 følgjer denne grensa over lange strekningar. Mot elvesletta er det 10–15 m høge brattkantar, ofte tydeleg eroderte. Tidlegare kan heile dalbotnen ha vore fylt opp til 170 m nivået. Det seismiske profilet AA' (Pr. 3, Fig. 22) viser 40–45 m mektige sediment i ei 6–700 m brei sone i dalen. Mot sidene skråar fjellunderlaget opp så det blir grunnare, men også under riksvegen sør for Etna er det 25 m mektige sediment. Sedimenta ligg ned til fjell,



Fig. 19. Breevlmateriale i Etnedalen (525458). Foto: A. R. Aa 1975.
Glaciofluvial material in Etnedalen (525458).

tilsynelatende utan moreneunderlag. I terrassane er det finkorna massar (Fig. 19) som er lett eroderbare. Mykje av materialet i det store resente deltaet i Randsfjorden kjem truleg herifrå. Dessutan er Randsfjorden nord for Nes ikkje djupare enn 50–60 m, truleg p.g.a. stor sedimentpåfylling.

Ved Røste (562450) var det i 1975 eit stort massetak som i dag er utplanert. Snittet viste 2–3 m med silt og finsand øverst, under dette nivået vekslende lag av sand og grus. Laga hadde eit fall på opptil 14–16° ut mot Etna. Materialet ved Røste og andre stader i Etnedalen står i skarp kontrast til det langt meir grovkorna materialet i Dokka-vifta som eg skal kome tilbake til.

Ved (530457) er det eit lite snitt i overflata med meir finkorna og homogen sand (Prøve 22, Fig. 14) og materialet i dei tilsvarende terrassane på sørsida (528452) prøve 18 og (527451) prøve 19 er av same type. Eit grustak 1 km vest for kartkanten (517456) viser på same måte som ved Røste sand og finsand i overflata og meir grovkorna deltastruktur djupare nedover. Ein får då eit generelt bilete med glasifluviale massar som stadvis fyller store delar av dalen. Det er naturleg å tenkje seg desse avsette som isranddelta eller randåsar. I ein seinare fase er det sedimentert eit teppe av finsand over heile dalen, og opptil 170 m o.h. i dalsidene. Til slutt har så Etna erodert ned dei glasifluviale avsetningane, med unntak av 170 m-terrassane i dalsidene.

BREELVVIFTA VED MUNNINGEN AV DOKKADALEN

Den største av breelvavsetningane er vifta ved munningen av Dokkadalen. Frå rotpunktet 220 m o.h. strekkjer vifta seg over 4 km nedover mot samløpet mellom




Fig. 20. Snitt i den nordlege delen av Dokka-vifta. Blokkmaterialet er godt runda. Overflata er uregelmessig med haugar, ryggar og grytehol. Foto: A. R. Aa 1981.

Section in the northern part of the Dokka-fan. The blocks and boulders are well rounded. The surface is irregular with hillocks, ridges and kettle-holes.

Etna og Dokka 145 m o.h. Lengst nede er vifta 2,5 km brei om ein også tar med den nederoderte langs elva, så blir overflata ca. 5 km² Med ein gjennomsnittsmektighet på 10 m, blir volumet 50 mill. m³. Distalt er truleg mektigheten større. Men det er fjell i dagen ved (573452). Vifta er terrassert i nivåa 200, 195, 180, 165 og 158 m o.h. med ei rekkje mindre nivå imellom, dette er også omtalt av Strøm (1964). På terrasseflatene er det mange tydelege breelv- og elveløp. Elveerosjonen har vore kraftig, og i dag går Dokka tildels i fast fjell. Ved (576460) er det ein ca. 15 m høg erosjonskant. I dei sentrale delane av vifta som ligg lågare enn 150–160 m o.h. er materialet kartlagt som fluviale sediment sjølv om desse ofte kan vere vanskelege å skilje frå glasifluvialt erosjonsmateriale. Fleire stader på og omkring vifta er det spor etter dødisforhold. I det øverste terrasserte nivået (579467) 220 m o.h. som er tolka som erosjonsnivå i morenen, er det uregelmessig overflate med haugar og ryggar. I snitt ved ein skogsveg er materialet så sandig (Prøve 6, Fig. 16) at det gjerne kunne klassifiserast som glasifluvialt. Tilsvarende materiale er likevel fleire stader i Mjøsaområdet klassifisert som ablasjonsmorene avsett langs sidene av breen under avsmeltinga (Follestad pers. medd.). 200 m o.h. (575467) finn ein tre grytehol i overflata. Det største har diameter 25 m og djupn 6–7 m.

Den vestlege delen (572454) av vifta har tildels svært uryddig overflate med ryggar, haugar, groper og store blokker. Nær kanten mot Riksveg 35 (573453)

er det nokre mindre grytehol. Materialet i vifta er sand, grus, stein og blokker (Fig. 19). Kornstorleiken aukar generelt mot rotpunktet der blokkene har diameter 40–50 cm (Fig. 20). Rundingsgraden på materialet, og innholdet av jotunbergartar tyder på lang materialtransport. I det store snittet (577460) 150 m o.h. er det svært markert lagdeling og skiftande kornstorleik. Prøve 2 er frå eit homogent sandparti 6 m under overflata. Prøve 3 grovare sand 5,8 m, også med stein og blokker, og prøve 4 i samme profil 5,5 m under overflata.

I dette snittet kan ein også observere glasitekonikk i form av folda grus- og blokklag. Elles er massane mange stader rotete med parti av finsand inni grovare materiale. I finsand er det gjerne mange små forkastningar.

I eit stort grustak (569448) SV for Dokka er materialet meir finkorna, middels sand i skrålag med fall 20° mot sør. Prøve 13 (Tab. 1) er frå sand- og gruslag 2 m under overflata. Dette indikerer at avsetninga i distale delar er danna som delta. Etter 1975 er det forandringar i dei omtalte snitta, omlegginga av Riksveg 250 i 1978 har forandra overflateformene i NØ-kanten av vifta, og ved (568463) er det eit nytt snitt som viser kontrastane mellom det finkorna Etnedals-materialet og det grovkorna Dokka-materialet.

Strøm (1964) tolkar avsetninga som ei subglasial vifte oppbygd i holrom under isen. Både overflateformer og materialoppbygging kan tyde på at dette er riktig. Strøm meiner vidare at det kan vere samanheng mellom høgaste akkumulasjon 220 m o.h. og MG ved Eggemoen (ca. 230 m o.h.).

Etter mi meining er det meir naturleg å tolke 220 m nivået som erosjonsnivå i ablasjonsmorenen enn akkumulert smeltevassnivå sidan det ligg over MG. Liknande moreneterrassar i ulike nivå er det også i Etnedalen og rundt Randsfjorden (598426). Nokre av desse kan vere danna ved iserosjon.

AVSETNINGAR I DOKKADALEN

Domma

I dalsida sør for Domma er det sorterte lausmassar i form av ryggar og haugar i området 300–450 m o.h. Prøve 142 (568519) er frå ein slik rygg med godt sortert sand. Over sanden er det stein og grus som må tolkast som ablasjonsmateriale. Same stratigrafi er det også i ein rygg 450 m o.h. Desse ryggane representerer truleg subglasial smeltevassdrenering rett ned i lia, medan Domma i dag svinger mot nord nederst i lia.

Austsida av Dokka

Om lag ved (585537) ligg ei rekkje haugar med blokkrik overflate. Massane i haugane må karakteriserast som grusholdig ablasjonsmateriale. Mektigheten skifter, men haugane er ofte 4–6 m høge.

På den nordlege delen av kartet er det ved Dokka funne ei større breelvavsetning ved (599583). Der er det ei terrassert avsetning 2–3 m over elvenivå. Terrassen er 150 m brei og 400–500 m lang. Materialet på overflata er omtrent berre blokk med diameter 0.5 m. Dei fleste blokkene er av kvartsitt, og er godt runda. Avsetninga har truleg samanheng med dei glasifluviale dreneringsløpa ned mot Dokkaelva, og den sterke avspylinga av dalneset lenger nord.

Ved (586613) er ein opptil 100 m brei og 500 m lang breelvt Terrasse 5–6 m over elvenivå. Overflata er uregelmessig, og nokre forsenkingar kan kanskje vere grytehol. Ei vegskjæring viser at materialet er samansett av runda stein, sand og grus.

Ved (602588) er det ei mindre breelvvavsetning som dannar ei slette 4–5 m over elvenivå. Det er ingen eller få blokker på overflata, dette tyder på at materialet kan vere finkorna (sand). Sletta ligg mellom oppstikkande fjellknausar, og er ca. 100 x 100 m stor.

I Åmot-området der Dokka og Synna møtest, er det eit område, ca. 1.5 x 0.3 km, med glasifluviale terrassar 8–10 m høgare enn elva. Materialet i overflata er dominert av stein, truleg erosjonshud. I eit grustak sør for elva (568623), er det også meir finkornig grus og sand.

BERGARTSINNHOOLD I BREELVMATERIALET

For å samanlikne bergartsinnholdet i smeltevasstransportert materiale frå Dokkadalen og Etnedalen er bergartsinnholdet i nokre prøvar undersøkt for fraksjonane 4–8 mm, og 20–64 mm (Fig. 21). For nokre av prøvane er berre den eine av fraksjonane undersøkt.

Ved sida av den reint geologiske interessa, er bergartsinnholdet også viktig når kvaliteten av materialet for ulike praktiske føremål skal vurderast.

Lokalitetane 1, 2, 3, 4 og 5 (Fig. 21) viser bergartssamansetning i materiale frå Etnedalen, og 6, 7, 8, 9 A & B, 10 og 11 (Fig. 19) ligg innafor Dokkavifta. Med unntak for lok. 11, ligg alle lokalitetane i grunnfjellsområdet.

På grunnlag av høgare innhold av Valdresparagmitt og Jotunbergartar i materialet i Dokkavifta, kan dette materialet skiljast ut frå breelvmaterialet i Etnedalen. Dette siste inneheld meir grunnfjellsbergartar, noko som er naturleg då det er grunnfjell vestover mesteparten av Etnedalen, medan det berre finst 4–500 m NV for vifta i Dokkadalen.

Kambro-siluriske skifrar finst med ein merkbar andel i alle prøvane. P.g.a. hurtig nedknusing, finst det meir av denne gruppa i fraksjonen 4–8 mm enn i fraksjonen 20–64 mm.

Kvaliteten av breelvmaterialet er bl. a. avhengig av innholdet av glimmerrik gneis, som til vanleg er lite motstandsdyktig, og dessutan prosentinnhold av svake kambrosilurbergartar som er dominert av skifrar i desse avsetningane.

Lok. 3 har 65 % grunnfjellsbergartar, av desse er 20 % glimmerrik gneis, i fraksjonen 4–8 mm. På lok. 4 og 5 er det også stort innslag av grunnfjellsbergartar, men på lok. 5 er dette granittisk gneis, så kvaliteten av massane er betre enn den høge prosentdelen av grunnfjellsbergartar skulle tilseie. Innholdet av kambrosilurisk skifer er særleg stort på lok. 11, men halvparten av skiferen består av motstandsdyktig sandsteinsskifer. På lok. 9 utgjer sandsteinsskifer 100 % av kambrosilur-bergartane.

Konklusjonen er at materialet som er transportert ut Dokka-dalføret ser ut til å ha betre kvalitet eller større bruksområde enn materialet frå nederste delen av Etnedalen.




Fig. 21. Prosentvis forhold mellom bergarter i breelvmaterialet ved munningen av Etnedalen (Lok. 1, 2, 3, 4 og 5) og Dokkadalen (Lok. 6, 7, 8, 9A og B, 10 og 11).
Relative distribution of bedrock type in the glaciofluvial material at the mouth of Dokkadalen and Etnedalen.

Bergartane Ringsakerkvartsitt, Vardalsandstein, Valdresparagmitt og Jotunbergartar er generelt motstandsdyktige både mot belastning og forvitring. Med

dei nemnde unntaka (lok. 3) har difor sand- og grusmassane i det undersøkte området god kvalitet og eit vidt bruksområde.

Statens vegvesen har også gjort kvalitetsvurderingar i området, bl. a. rapport nr. 0538 – 1A, Gjeffe grustak (sjå referanselista).

Bresjøavsetningar (glasilakustrine avsetningar)

Dette er finkorna avsetningar som ligg i begge dalsider mellom Dokka sentrum og Fluberg, opp til ca. 165 m o.h. vest for Randsfjorden, og litt lågare ved Fluberg. Det øvre bresjønivået er relativt horisontalt i den nordlege dalsida mellom Dokka sentrum og Randsfjorden. Der har det tilsynelatande vore størst materialtilgang slik at sedimenta vart bygde opp til vassnivå. Andre stader ligg sediment som eit bølgete teppe over underlag av morene.

Materialet i desse avsetningane er i hovudsak silt, men også finsand i enkelte område.

Det seismiske profilet BB' (Prøve 2, Fig. 22) indikerer at siltavsetningane her er 8–10 m mektige. I dette området er dei avgrensa mot den resente elvesletta. Det er tydeleg at moreneunderlaget stadvis ligg som breie ryggar 2–300 m ut frå dalsida. Desse ryggane er kanskje betinga av fjell.

I eit avsnitt ved' (595444) er det 1,5 m tjukt siltlag over finsand. Ved Brurud (602437) er det eit samanhengande siltteppe på minst 40 cm opptil ca. 160 m o.h.

Ved (601435) knapt 150 m o.h. er det også ein del grus under silten. Dette kan tyde på at ein stadvis har glasifluviale avsetningar under silten. Det ser ut til at silten blir gradvis meir finkorna mot ØSØ frå området vest for Randsfjorden der sedimenta inneheld 20 % sand og 2 % leir. (Prøve 27). Ved Fluberg inneheld derimot sedimenta 2 % sand og 14 % leir. Dette tyder på at silten er transportert i retning frå Dokka mot Fluberg.

Siltbassenget ved Smehaugen (682405) er undersøkt seismisk, profil DD' (Prøve 4, Fig. 22). Sedimenta er dominerte av finsand i overflata, medan silt truleg dominerer vidare nedover. Sedimenta er truleg frakta på plass ved lateral drenering.

Elveavsetningar (fluviale avsetningar)

Elveavsetningane har størst utbreiing langs Etna og Etna/Dokka. I hovudsak er elvematerialet erodert frå breelavsetningane, og avsett litt lenger nede langs elva. Kornsamansetninga er difor omtrent den same som i breelavsetningane. Dette gjeld særleg i Etnedalen der elveslettene er oppbygde av sand og finsand.

Det seismiske profilet AA' viser 35 m mektige sediment under elvesletta. Berre eit lag på nokre få meter i den resente elvesletta kan karakteriserast som fluvialt. Resten er glasifluvialt. I dette området er elvesletta ca. 500 m brei, og avgrensa på begge sider mot breelvterrassane. Foten av brattkanten ligg ca. 10 m over elvenivået. Som det framgår av kartet, meandrerer Etna over heile sletta, og det ligg stadvis karakteristiske pølsesjøar. Nokre av desse er igjengrodd av myr. I flaumperiodar går Etna over heile denne lågsletta.

Den største elvesletta, 6 km lang og 1 km brei, ligg mellom Dokka sentrum og Randsfjorden der eit svært karakteristisk og fint delta blir bygd ut (Fig. 3). Ved Dokka sentrum er det fleire elveterassar i nivået ca. 155–145 m o.h. Sletta har eit fall på ca. 2 m/km mot Randsfjorden.

Ved Dokka sentrum er materialet mest grovkorna med blokk og stein langs elveløpet, og stein, grus og sand elles i sletta. Kornstorleiken minker generelt mot Randsfjorden, men der Åvella munnar ut (609414) er materialet grovt, med grus og stein. Det seismiske profilet BB' viser at dei sorterte avsetningane her er 25 m mektige sentralt i dalføret, og at dei sannsynlegvis ligg over morene.

Fluvialt materiale, stein, grus og sand finst elles langs Randsfjorden ved (621405), (637402), (665412) og (678394). Dette er vifter/delta som først er avsett glasifluvialt, og seinare har elva erodert under landhevinga, og flytta materialet nedover.

I Snertingdalen finst det langs Storelva aust for Røstadvatnet (701536) mest blokk og stein som har karakter av utvaska morene.

Lenger SØ i Nykirkeområdet (725511) finn ein derimot ei stor slette med grus og sand.

